

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Bremanger kommune

Utval: Kontrollutvalet - Bremanger kommune
Møtedato: 15.04.2013
Møtetid: 09.00
Stad: Kommunestyresalen
Møtenr.: 02/2013
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet.
-andre:
Melding til: Ordfører(møte- og talerett), revisor(møte- og talerett) og vararepresentantar
(Vararepresentantar møter berre etter nærmare innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 95139762 eller på e-postadresse: vidar.ovrebo@sekom.no

SAKLISTE

Sak 007/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.
Sak 008/13 Skriv og meldingar.
Sak 009/13 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.
Sak 010/13 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport – «Sjøsvkostberekningar på VAR-sektoren.»
Sak 011/13 Orientering – om fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane.
Sak 012/13 Oppfølgingsliste-2-2013 – Bremanger-

Svelgen 08.04.2013

for kontrollutvalet i Bremanger

Harry Gulestøl (s)
Leiar


Vidar Øvrebø
Sekom-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

007/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 16.03.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	09.03.2013	007/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

008/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 08.04.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	15.04.2013	008/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 07-13 Selskapskontroll (Eigarskapskontroll) – Firda Bilsag AS, Utført av SF Revisjon på oppdrag av kontrollutvalet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune i 2011.
- SM 08-13 E-post frå SEKOM-sekretariat til Bremanger kommune –«Tilsynsrapportar Fylkesmannen, datert 18. mars 2013
- SM 09-13 Kontrollrapport 2012 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen for Bremanger kommune.
- SM 10-13 E-post frå Leo Cirotzki til leiar i kontrollutvalet Harry Gulesøl – «Revisjonsrapportar for x-revisjon», datert 26. februar 2013.
- SM 11-13 Brev frå Leo Cirotzki til kontrollutvalet v/leiar Harry Gulesøl – «Ref overordna analyse, datert 26.10.2012», Datert 04.03.2013.
- SM 12-13 E-post frå Leo Cirotzki til Harry Gulesøl – «Er levarandørane/Kundane til kommunen nøgde?», datert 4. april 2013.
- SM 13-13 E-post frå Leo Cirotzki til Harry Gulstøl – «Brev til fylkesmannen om samansetning av kontrollutval Bremanger kommune, Datert 4. april 2013.
- SM 14-13 Vedtak 017/13 i Bremanger kommunestyret – «Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet – kommunestyret si handsaming.
- SM 15-13 Brev frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane – «Godkjenning av budsjett 2013 og økonomiplan 2013-2016, datert 01.03.2013.
- SM 16-13 Fagkonferanse kontroll og tilsyn, Gardermoen 5-6 juni 2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 07-13

Selskapskontroll (eigarskapskontroll)

Firda Billag AS

2011



Innhald

1	Innleiing	
1.1	Bakgrunn	s.2
1.2	Føremål	s.2
1.3	Framgangsmåte	s.2
2	Om konsernet	s.3
2.1	Selskapsforhold	s.4
2.2	Avtalemessige forhold	s.4
2.3	Forpliktingar vis av vi offentlege instansar	s.6
2.4	Juridiske forhold	s.6
2.5	Organisasjonen	s.6
2.6	Miljø	s.6
2.7	Framtidsutsikter	s.6
2.8	Konsernets økonomiske utsikter	s.7
3	Styret	s.8
4	Revisor	s.9
5	Generalforsamlinga	s.9
6	Eigarstyring	s.10
7	Høyring	s.11
8	Konklusjon	s.11

Vedlegg:

1. Kart over konsernet
2. Kart over morselskapet Firda Billag AS
3. Høyringsuttale frå Firda Billag AS
4. Høyringsuttale frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune har i vedtak den 21.06.11 gått inn for å gjennomføre selskapskontroll i Firda Billag AS. I bestillingsdokumentet er det opplyst at føremålet er å oppfylle gjeldande lovkrav til gjennomføring av selskapskontroll.

Firda Billag AS tok i 2010 over landtransportdelen til Fjord1. I tillegg vart selskapet i 2010 omgjort frå eit interkommunalt selskap (IKS) til eit aksjeselskap (AS). Selskapet driv også i 2011 med å gjennomføre større organisatoriske endringar i selskapet. Desse elementa var tilleggsmoment for at kontrollutvalet har sett det som interessant å få gjennomført ein selskapskontroll i form av **eigarskapskontroll** av selskapet.

1.2 Føremål

Føremålet med eigarskapskontrollen er å kontrollere korleis fylkeskommunen forvaltar sine eigarinteresser i selskapet; med det om dei gjer dette i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnader¹. For Firda Billag AS sin del vert fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskapet ivareteke via fylkeskommunen sin representant i generalforsamlinga.

Eigarskapskontroll er ein avgrensa kontroll. Det betyr at kontrollen avgrensar seg til ein vurdering av om eigarane har etablert tilfredsstillande rammar for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med føremålet. Kontrollen omfattar ikkje sjølve aktivitetane i selskapet, så som kvaliteten på tenestene som selskapet leverer eller om selskapet når sine mål. Dette er forhold som kan kontrollerast gjennom forvaltningsrevisjon.

Intensjonen med regelverket om selskapskontroll var m.a. å sikre dei folkevalde betre innsyn og kontroll med den delen av den fylkeskommunale verksemda som er organisert som interkommunale selskap eller aksjeselskap.

1.3 Framgangsmåte

Rapporten byggjer på informasjon frå selskapet sin eigar (fylkeskommunen), styret og administrasjonen, samt opne kjelder som t.d. Foretaksregisteret, Proff.no med fleire.

Kontrollen har ei brei tilnærming. Vi vil på bakgrunn av det ikkje gjennomføre nokon grundige undersøkingar av moglege funn. Funna vert vurdert opp mot:

- Aksjelova
- Offentleglova
- Lov om offentlige anskaffelser
- Selskapets vedtekter
- Tilrådingar frå KS'Eierforum

¹ Jf. § 14 i Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner

- Fylkeskommunen si Eigarmelding for 2010 og til dels 2011.

Hovudfokus i rapporten vil vere negative funn. Det betyr at det som i utgangspunktet er i orden vil ikkje verte gjenstand for nærare omtale.

2 Om konsernet

Firda Billag AS vart stifta 18.06.2010 ved omgjering frå eit interkommunalt selskap til eit aksjeselskap.

Firda Billag AS er eit konsern. Konsernet bestod ved utgangen av 2010 av :

Firda Billag AS

Transferd AS -eigd 100 % av Firda Billag AS

SRB Anleggstransport AS -eigd 51 % av Transferd AS

Konsernet har gjort ein del nye organisatoriske endringar i 2011, m.a. er selskapet Firda Billag Buss AS fisjonert ut av morselskapet og morselskapet har oppretta eit nytt dotterselskap; Fjordane Reisebyrå AS. Det nye organisasjonskartet til konsernet er lagt ved som vedlegg nr 1.

Selskapet driv innafør persontransport (buss), godstransport på veg, bilutleige (AVIS), reisebyrå, verkstad for tunge kjøretøy og eigedomsforvaltning.

Firda Billag AS har sitt hovudkontor i Førde kommune og avdelingar i Florø, Dale, Sandane og Sogndal. Etter kjøpet av Transferd AS frå Fjord1 har selskapet i tillegg fått avdelingar i Kaupanger, Otta, Stryn og Ålesund.

Ved utgangen av 2010 hadde selskapet 348 tilsette.

Aksjekapitalen i selskapet er på kr 10.000.000,- og er fordelt på 10.000 aksjar kvar pålydande kr 1.000,-. Aksjane fordeler seg slik mellom eigarane i selskapet:

Eigarar/aksjonærer	Forretningskontor	Tal	Pålydande	Eigar-/ stemmeandel
Askvoll kommune	Askvoll	569	1 000	5,69 %
Balestrand kommune	Balestrand	443	1 000	4,43 %
Bremanger kommune	Svelgen	717	1 000	7,17 %
Fjaler kommune	Dale	600	1 000	6,00 %
Flora kommune	Florø	1 447	1 000	14,47 %
Førde kommune	Førde	1 236	1 000	12,36 %
Gaular kommune	Sande	609	1 000	6,09 %
Gloppen kommune	Sandane	1 017	1 000	10,17 %
Hyllestad kommune	Hyllestad	458	1 000	4,58 %
Høyanger kommune	Høyanger	782	1 000	7,82 %
Jølster kommune	Skei	517	1 000	5,17 %
Naustdal kommune	Naustdal	454	1 000	4,54 %
Stryn kommune	Stryn	651	1 000	6,51 %

Sogn og Fjordane fylkeskommune	Leikanger	500	1 000	5,00 %
SUM		10 000		100 %

2.1 Selskapsforhold

Det interkommunale selskapet var i si tid etablert gjennom eit spleiselag for å sikre infrastrukturen i Sunnfjord. Fylkeskommunen kom inn som eigar saman med 13 kommunar ved at fylkeskommunen i 1997 overtok FSF (Fylkesbåtane i Sogn og Fjordane) sin eigardel i det opphavlege lotalaget.

Fylkeskommunen opplyser at selskapet vart endra til eit AS grunna nye rammevilkår. Det var eit naudsynt tiltak for å sikre selskapets konkurransekraft.

Saka vedr. omdanninga vart handsama i fylkestinget 07.04.2010 under sak 0009/10. Med vising til saksframstillinga i saka står det :

“ Om bakgrunnen for omdanninga skreiv administrerende direktør Peter Midthun: Rutebilnæringa er i sterk endring. I dag er ca 40 % av den samla bussproduksjonen i landet lagt ut på anbud. I løpet av få år vil dei resterande 60 % verte lagt ut. Dette betyr at Firda Billag ikkje lenger vil verte beskytta av sin områdekonsesjon. I avtalen selskapet i dag har med Sogn og Fjordane fylkeskommune er det opna for at anbud kan takast i bruk innan vårt konsesjonsområde frå år 2014. Det betyr at heile eller deler av den produksjonen selskapet i dag utfører kan verte overtatt av andre. Dette aukar risikoen ved drifta betydeleg. Når anbud er tatt i bruk i konsesjonsområdet vil Firda Billag vere eit heilkommersielt selskap. Ein ser det som lite hensiktsmessig både for eigarane og for selskapet å fortsette med IKS-modellen under slike rammevilkår. ”

Det er ikkje utarbeida ein eigen aksjonæravtale mellom eigarane. Vedtektene regulerer det som er nødvendig.

Omsetnad av aksjar er regulert gjennom selskapet sine vedtekter.

Vurdering og tilråding:

Konsernet har ikkje utarbeidd oversikter over moglege nærståande relasjonar mellom sentrale personar i selskapa i konsernet. Ved førespurnad til adm.dir, så kjenner ikkje han til slike relasjonar i konsernet. Vi meiner det er viktig at selskapet syner merksemd til problematikken for å unngå at det oppstår uheldige dobbeltroller mellom t.d. styremedlem/tilsette og kundar/leverandørar.

Med vising til pkt 7.4.1 i del I i Eigarmeldinga til fylkeskommunen om Styret sitt ansvar og Tilrådingar frå KS'Eierforum Nr. 12 vil vi tilrå at konsernet utarbeider ein Rolleoversikt over styra, direktorane og andre sentrale personar i konsernet.

2.2 Avtalemessige forhold

Selskapet følgjer ikkje Lov om offentlege anskaffelser. Dette vert grunngjeve med at konsernet i all hovudsak driv forretningsdrift i konkurranse med andre. Per i dag er det berre dotterselskapet Firda Billag Buss AS som driv til dels utanfor konkurranse gjennom at ein del

av bussdrifta, som går på rute- og skulebussproduksjon, er beskytta via konsesjon. I løpet av nokre år vil også den delen verte konkurranseutsett. Adm. dir. ser det som vanskeleg og unaturleg å skilje bussdrifta i ein del som er konkurranseutsett og ein del som er konsesjonsbeskytta. Alle større innkjøp vert regulert av anbod og dei følgjer prinsippa for god forretningskikk i alle prosesser. Leinga i konsernet har gjort ei skriftleg vurdering av konsernet sett opp mot Lov om offentlege anskaffelser, og har konkludert med at konsernet ikkje kan operere i ein konkurranseutsett marknad, samstundes som Lov om offentlege anskaffelser gjeld for konsernet.

Vurdering og tilråding:

Lov om offentlege anskaffelser er eit komplisert og omfattande lovverk. Datterselskapet Firda Billag Buss AS kan, uansett om heile drifta vert konkurranseutsett, likevel høyre inn under Lov om offentlege anskaffelser med vising til Forsyningsforskriften. Lov om offentlege anskaffelser kan også gjelde for privat eigde selskap dersom tenesta går ut på: (sjå §1-3, c i Forsyningsforskriften om kva for aktiviteter som er omfatta)

“ drive rutenett beregnet på ytelse av offentlige tjenester i forbindelse med transport med jernbane, automatiserte systemer, sporvei, trolleybuss, buss eller kabel. Når det gjelder transporttjenester, skal et nett antas å foreligge dersom driftsvilkårene for tjenesten er fastlagt av vedkommende myndighet i en EØS-stat. Driftsvilkår kan for eksempel være hvilke ruter som skal betjenes, hvor stor kapasiteten skal være og hvor ofte rutene skal betjenes.

Vi vil tilrå at konsernet får utført ei juridisk vurdering av både morselskapet og datterselskapet Firda Billag Buss AS sett opp mot Lov om offentlige anskaffelser.

Konsernet har ikkje økonomiske forpliktingar utover pant i lån og festekontraktar på deler av eigedommane. Alle låneavtalar vert handsama og godkjent av styret, vanlegvis gjennom årlege budsjett og finansieringsplanar. Konsernet har ikkje forpliktingar når det gjeld erstatningar eller mangelkrav overfor tredje part. Alle naudsynte skadeforsikringar i konsernet er i orden og alle bygningar og nyare bussar er fullt ut forsikra.

Vurdering og tilråding:

I følge styret og adm. dir. har konsernet ikkje teikna styreansvarsforsikring. Ifølge Tilrådingar frå KS Eierforum Nr. 16 vert det tilrådd at selskapa teiknar særskilt styreforsikring for alle styremedlem i selskap med begrensa ansvar. Forsikringa vil eventuelt gjelde det økonomiske ansvaret og ikkje det strafferettslige.

Vi vil på bakgrunn av det tilrå at konsernet teiknar styreansvarsforsikring for alle styremedlem i konsernet.

Konsernet nyttar eksterne rådgivarar innan IT, ein del tekniske områder og på verkstaden. I samband med dei store organisatoriske endringar som konsernet er og har vore i, har det gått ein del ekstra midlar til juridisk bistand og rådgivingstenester frå konsernets valte revisor. I 2011 reknar adm. dir. at konsernet totalt vil ende opp i ein plass mellom 2 og 3 mill. brukt til ekstern rådgiving.

2.3 Forpliktingar vis av vis offentlege instansar

I følge adm.dir. har ikkje konsernet uoppgjorte skatte- eller meirverdiavgiftskrav og naudsynnte transportløyve og busskonsesjonar er i orden. Konsernet har besøk av arbeidstilsynet 4 til 5 gonger i året og branntilsynet med jamne mellomrom. Utover mindre merknadar frå arbeidstilsynet kjenner ikkje adm. dir. til andre forpliktingar vis a vis offentlege instansar.

2.4 Juridiske forhold

Styret seier at det ikkje er kjent med irregulære eller straffbare forhold relatert til konsernet. Konsernet har i følge adm.dir. ikkje tvistar for domstolane, konflikhtar med samarbeidspartnarar eller tilsette.

Vurdering og tilråding:

Styret og adm.dir. meiner at konsernet ikkje høyrer inn under Offentleglova. Viser og til adm.dir. sine skriftlege vurderingar av tilhøva.

Med vising til at konsernet er 100% offentlig eigd vil vi tilrå at konsernet gjer ei juridisk vurdering av om Offentleglova sine reglar likevel gjeld for heile eller deler av konsernet.

2.5 Organisasjonen

Organisasjonskart for morselskapet i konsernet er lagt ved som vedlegg nr 2.

Konsernet har ikkje formelle bonusordningar for dei tilsette. Det er ikkje uavklarte tilsettingstilhøve i konsernet, men utarbeiding av nye arbeidsavtaler for dei tilsette jf. omorganiseringa er per i dag ikkje avslutta. Nedbemanning i samband med omorganiseringa har skjedd ved naturleg avgang.

Sjukefråværet varierer, men har gått ned det siste året. Det er for 2. kvartal 2011 på litt over 5 %, dvs at det er under gjennomsnittet for bransjen. Konsernet har eige HMT- system med eigen tilsett som har hovudansvaret for oppfølging av systemet. I følge adm. dir. fungerer HMT-systemet tilfredsstillande. Det vert gjennomført AMU-møte annakvar månad der alle avviksrapportar vert følgt opp. For 2011 er det registrert 14 mindre ulykker. Det er ikkje tale om ulykker som har ført til lengre sjukefråvær.

2.6 Miljø

Konsernet driv ikkje forureinande verksemd utover det som høyrer til bransjen. Adm.dir. peiker på at bussbransjen er ein av dei mest miljøvennlege måtar å drive persontransport på. Konsernet har kontroll over alle eventuelle utslepp frå verkstaden jf. HMT systemet.

2.7 Framtidsutsikter

Adm. dir. ser på bussdrifta som ein av konsernets største utfordringar. Firda Billag var for 20 år sida eit av dei største busselskapa i landet. I dag er det er eit av dei minste. Med full konkurranseutsetting i løpet av nokre få år, der mange forventar at det berre vil vere 4-5 store einingar igjen som driv bussverksemd i heile landet, går Firda Billag AS og bussdrifta ein usikker framtid i møte. Leiinga ser likevel på bussdrifta som ei av kjerneoppgåvene i

konsernet, og satsar fortsatt på å vere med i konkurranse med andre. Konsernet førebur seg på framtidig konkurranse ved m.a. å bygge opp kompetansen i konsernet omkring anbod og anbodsrutinar. Eit anna satsingsområde innan bussdrift som leiinga i konsernet ser på kan vere å få til avtalar med gode samarbeidspartnarar.

Konsernets produkter kan inndelast slik etter storleik:

- 1) Godstransport (størst)
- 2) Bussdrift
- 3) Reiselivsverksemd
- 4) Verkstaddrift
- 5) Drift av fast eigedom

Konsernet vil ha ei framtid også utan bussdrifta. Godstransport er størst og er konsernets store satsingsområde. Reise og eigedom er mindre deler av konsernet, men er likevel viktige og trygge inntektskjelder som har synt gode resultat.

Konsernet arbeider for tida med viktige endringar og omorganisering av verkstaden som dei forventar vil gi resultat gjennom effektivisering og med det betre resultat.

Økonomiske forhold som kan forverre konsernets drift i framtida, er renteauke og dieselpriar. Prisauken på diesel dei siste åra har m.a. ført til at konsernet har tapt og tapar i samband med konsesjonsavtalene som konsernet har med fylkeskommunen.

2.8 Konsernets økonomiske utsikter

Rekneskapen for 2010 syner eit resultat/overskot på kr 370 000,-. Opptent egenkapital er per 31.12.2010 på kr 102 429 000,-.

RESULTATREKNESKAP	2010
Konsernrekneskap	Ja
Sum driftsinntekter	346 057 000
Driftsresultat	2 798 000
Resultat før skatt	421 000
Årsresultat	371 000

BALANSEREKNESKAP	
Sum anleggsmidler	303 891 000
Sum omløpsmidlar	92 189 000
Sum egenkapital	102 429 000
Sum minoritetsinteresser	2 721 000
Sum gjeld	290 930 000

REKNEKAPSANALYSE 2010:

Om inntening:	
Totalrentabilitet	0,85 %
Om soliditet:	
Eigenkapitalandel	25,86 %

Om likviditet:	
Likviditetsgrad 1	1,08
Likviditetsgrad 2	1,03

3 Styret

Styret forholder seg, i tillegg til aksjeloven og selskapsvedtektene, til styreinstruks vedteke av styret i møte 13.04.2011 samt styret sin årsplan vedteke 13.01.2011. Instruksjonen omhandlar møte; -hyppigheit, -struktur, -protokoll, -informasjon, samt styremedlemmene sine rettigheter og plikter. Av saker som er spesifisert/(nemnd) i styreinstruksjonen er:

- styret sin møteplan for komande år
- årsrekneskap og årsmelding
- planar og budsjett for selskapet
- saker som gjeld investeringar av betydeleg omfang i høve selskapet sine ressursar
- vedtak som går på rasjonalisering eller omlegging av drifta som vil medføre større endringer eller omdisponeringar av arbeidsstokken

I styret sin møteplan for 2011 kjem det fram at selskapets strategiar og vegen fram er fast sak på møta. Styret har informert at dei gjennomfører risikovurderingar av drift, økonomi og misligheter løpande gjennom året.

Det er ikkje utarbeidd eigen instruks for adm.dir., men stillinga vert regulert som ein del av styreinstruksjonen. Adm.dir. vert tilsett av og eventuelt sagt opp av styret, og står for den daglege leiinga av konsernet. Adm.dir. skal fylgje dei retningslinjer og pålegg som styret har gitt.

Styret hadde ved utgangen av 2010 slik styresamansetning:

Leiar: Agnar Strømsnes

Medlemmar: Monica Oppedal, Rita Lilletvedt, Olve Grotle og Steinar Talle

Tilsette sine representantar: Arne Råheim og Gunvor Beate Bjordal

Vedtektenes § 10 regulerer valnemnda. Det skal vere ei valnemnd med 5 medlemmar. Valnemnda skal leggje fram forslag om samansetning av styret med unntak av styremedlem som skal veljast av og blant dei tilsette. Dei 3 største aksjonærane i selskapet har rett til å velje minst 2 av medlemmene i valnemnda. Dette er i tråd med KS-anbefaling om kommunal eierskap nr.10.

Årsrapport og årsmelding vert sendt ut til selskapets aksjonærar. Det gjennomførast formelt eigarmøte gjennom møte i generalforsamling ein gong i året. I tillegg kan eigarane gjennomføre andre eigarmøter for å drøfte ei sak utan at det vert gjort formelt vedtak i saka. Styret eller adm.dir. kjenner ikkje til at det er gjennomført slike eigarmøter i samband med Firda Billag AS.

Vurdering og tilråding:

Av selskapsvedtektene § 7 går det fram at styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemmane er til stades. Styret fattar sine vedtak ved vanleg fleirtal. I styreinstruksjonen står det at styret kan gjere vedtak når meir enn halvparten av medlemmane er til stades i møtet, eller deltek i styrehandsaminga. I tillegg står det i styreinstruksjonen at ved likt tal stemmer gjeld det styreleiar har stemt. Vidare at dei som har stemt for eit forslag som inneber ei vesentleg

endring i selskapet, må alltid utgjere meir enn ein tredel av samtlege styremedlemmar.
Tilleggspresisering jf. høyringsuttale frå Firda Billag AS: Vi forstår styreinstruksen slik at styret her meiner tilhøve der ikkje alle styremedlemma er med på møtet. I slike høve kan eit fleirtal på møtet utgjere mindre enn ein tredjedel av samtlege styremedlemma.

Styreinstruksen stemmer ikkje overeins med selskapsvedtektene. Det kan bidra til uklare retningslinjer ved styrehandsaming. Vi vil tilrå at styret gjer vurderingar av vedtektene og styreinstruksen i forhold til avstemming og stemmefleirtal i styresaker.

4 Revisor

Firda Billag AS sin revisor er revisjonsselskapet Deloitte AS med kontor i Førde. Revisor har svart på skriftleg førespurnad frå SF revisjon IKS. Informasjonen frå revisor har ikkje gjeve grunnlag for nærare oppfølging i samband med gjennomføringa av eigarskapskontrollen.

5 Generalforsamling

Det ordinære møtet i generalforsamlinga skal etter vedtektene haldast innan 6 månadar etter utløpet av rekneskapsåret. Det vert innkalla til generalforsamling med 2 vekers varsel.

Vurdering og tilråding:

I følge selskapsvedtektene § 9 skal generalforsamlinga fastsetja resultatregnskap og balanse, herunder medrekna disponering av overskot eller dekking av underskot. I følge aksjelova § 5-5 skal den ordinære generalforsamlinga handsame følgjande saker sitat:

“godkjenning av årsregnskapet og årsberetningen, herunder utdeling av utbytte”.

Godkjenning av styret si årsmelding står ikkje nemnd i selskapsvedtektene § 9.

Selskapsvedtektene stemmer ikkje overeins med aksjelova. Vi vil foreslå at generalforsamlinga gjer vurderingar av selskapsvedtektene på nemnde punkt opp mot aksjelova.

Andre saker som vert handsama i det ordinære møtet i generalforsamlinga, er fastsetting av eventuelt konsernresultat og konsernbalanse, handsaming av valkomiteen sine innstillingar på dei val som skal gjennomførast i tillegg til val av valkomite. Det er fylkesordførar Nils R. Sandal som er valt til å møte for fylkeskommunen i generalforsamlinga. På møtet i generalforsamlinga 20.05.2011 møtte Inge Horstad med fullmakt som representant for fylkeskommunen.

Kommunikasjon og eigaroppfølging utanom møta i generalforsamlinga skjer i følge fylkeskommunen gjennom uformell kontakt.

6 Eigarstyring

Ved førespurnad om det er utarbeida eigarstrategi for Firda Billag AS viser fylkeskommunen til Eigarmeldinga. Fylkeskommunen har fom 2008, fast ein gong i året, ei Eigarmelding oppe til handsaming i fylkestinget.

Fylkeskommunen si eigarmelding har 2 hovuddeler. Del I omhandlar fylkeskommunen sin eigarpolitikk og del II omhandlar dei einskilte selskapa som fylkeskommunen eig eller er medeigar i eller har tilknytning til på anna måte (t.d. stiftingar). Kap. 4 i del I seier noko om kva forventningar fylkeskommunen har til etikk og samfunnsansvar til selskap der fylkeskommune er eigar eller deleigar. Kap. 7 punkt 4 i del I seier noko om kriterium for utpeiking av styremedlem i selskapa.

Fylkeskommunen si Eigarmelding er i tråd med KS'anbefalingene om kommunalt eierskap, nr 2.

Ved spørsmål til fylkeskommunen om målformuleringar og viktig verdidokument viser dei til Eigarmeldinga. Fylkeskommunen syner og til Eigarmeldinga ved spørsmål om eventuelle strategiar, retningslinjer eller instruksar som fylkeskommunen har utarbeida for styret og administrasjonen i Firda Billag AS.

På førespurnad til styret i Firda Billag AS om deira forhold til fylkeskommunen si Eigarmelding, så kjenner dei ikkje til den. Adm. dir. kjenner til fylkeskommunen si Eigarmeldinga.

Ved førespurnad til styret i Firda Billag AS om eigarane har utabeida strategiar og retningslinjer for styret og administrasjonen i selskapet så kjenner styret ikkje til det.

Adm.dir. reiser med jamne mellomrom på besøk til sine aksjonærar for dialog om konsernets framtidsutsikter på eit overordna nivå. Hans inntrykk frå møta er at det er stor semje mellom eigarane omkring dei store strategiske grepa som er gjennomført i 2010 og 2011.

Tilråding:

Med vising til KS'anbefalinger om kommunalt eierskap Nr. 3 vil vi tilrå at det på eit overordna nivå vert utarbeida rutinar på form, innhald og kommunikasjon i samband med fylkeskommunen sine strategiske forventningar og krav til Firda Billag utover det som kjem fram av det ordinære møtet i generalforsamlinga. Dette bør utarbeidast i samråd med dei andre eigarane av Firda Billag AS.

I samsvar med rutinane i Eigarmeldinga rapporterer fylkeskommunen sin representant i generalforsamlinga til fylkesutvalet.

Konsernet har byrja sitt arbeid med utarbeiding av konsernets etiske retningslinjer. I fylkeskommunen si Eigarmelding, del I, kap. 4 står det noko om fylkeskommunen sine forventningar til selskapa dei eig eller er medeiger i knytt til etiske retningslinjer. Vi vil tilrå at Firda Billag AS i sitt vidare arbeid med konsernets etiske retningslinjer vurderer dei forventningar og krav som kjem fram av fylkeskommunen si Eigarmelding.

Vurdering og tilråding:

Fylkeskommunen kjenner ikkje til at det er utarbeida andre kriterier for samansetning av styret enn det som kjem fram av selskapets vedtekter. Selskapsvedtektene seier ikkje noko om kriterier for valsamansetning av styret. Det vert ikkje gjennomført nokon form for evaluering av styret utover styret sin eigen evaluering av sitt arbeid.

Vi vil tilrå at det vert utarbeida rutinar for kriterie og kompetansevurdering av styresamansetning i samsvar med KS'Anbefalinger om kommunalt eierskap, Nr 11. Dette ansvaret ligg hos eigarane.

7 Høyring

Utkast til rapport vart oversendt til styret og adm.dir. ved Firda Billag AS og til Sogn og Fjordane fylkeskommune den 17.10.2011 til uttale.

Høyringsuttalen frå Firda Billag AS er lagt ved som vedlegg nr 3 og høyringsuttalen frå Sogn og Fjordane fylkeskommune er lagt ved som vedlegg nr. 4.

I uttalen frå Firda Billag AS er det synt til ein fakta feil jf. pkt. 2.7 i rapporten om inndeling av storleiken på konesernet sine tenester/produkt. I den endelege rapporten er dette retta på slik at inndelinga no skal vere korrekt.

Vi har i tillegg på bakgrunn av Firda Billag AS sine kommentarar til pkt. 3 i rapporten om styret og stemmefleirtal lagt til ein liten presisering i pkt. 3 i rapporten

8 Konklusjon

På bakgrunn av gjennomført eigarskapskontroll vil vi tilrå at Firda Billag AS:


- *utarbeidar ein rolleoversikt over sentrale personar i konsernet jf. pkt. 2.1 i rapporten*
- *får utført ei juridisk vurdering av både morselskapet og dotterselskapet Firda Billag Buss AS sett opp mot Lov om offentlege anskaffelser jf. pkt. 2.2*
- *teiknar styreansvarsforsikring for alle styremedlem i konsernet jf. pkt. 2.2.*
- *får utført ei juridisk vurdering av om Offentleglova sine regler gjeld for heile eller deler av konsernet jf. pkt. 2.4*
- *gjer ei vurdering av selskapsvedtektene og styreinstruksen vedr. stemmefleirtal jf. pkt. 3*
- *gjer ei vurdering av innhaldet i selskapsvedtektene i forhold til dei formelle krava i aksjeloven jf. pkt. 4*

Vi vil i tillegg tilrå at Sogn og Fjordane fylkeskommune i samråd med dei andre eigarane:


- *utarbeider rutinar knytt til eigarane sine strategiske forventningar og krav til konsernet jf. pkt. 6*

- *utarbeider rutinar for kriterie- og kompetansesamansetning av styret samt rutinar for evaluering av styret med jamne mellomrom jf. pkt. 6*

Ny organisering konsern



Firda Billag AS Organisasjonsplan



Marianne Vara

Fra: Peter Midthun <peter@firda-billag.no>
Sendt: 31. oktober 2011 13:02
Til: Marianne Vara
Kopi: Agnar.Stromsnes@incgruppen.no
Emne: Selskapskontroll Firda Billag AS
Vedlegg: SF revisjon tilbakemelding frå Bøyum 17.10.11.pdf

SF-revisjon
v/ Marianne Vara

Det vert vist til rapport mottatt frå deg. Rapporten vart gjennomgått i Firda Billag AS sitt styre i møte den 18.10. Underteikna vart bedt om å gi tilbakemelding.

Vi kan gi flg tilbakemelding:

- Rolleoversikt – rapportens pkt 2.1. Dette skal vi få utarbeidd.
- Juridisk vurdering vedr lov om off anskaffelser. Vi skal få vurdert dette. Vi er imidlertid kjent med at busselskap der Fylkeskommunen har betydelig større eigarandel enn hos oss ikkje fylgjer denne. Dette fylgjer av vår konkurranseutsetting.
- Styreansvarsforsikring. Slik vi ser det er dette noko styret sjølv må ta stilling til.
- Offentlegheitslova. Same svar som pkt 2 over.
- Selskapsvedtekter kontra styreinstruks. Viser til vedlagt uttale frå Bøyum. Styreinstruksen vil verte endra på eit punkt.
- Selskapsvedtekter kontra aksjelova. Vi viser til vedlegg frå adv Gunnar Bøyum der dette er vurdert.

Vi har elles kommentar til pkt 2.7. der du har delt inn område etter storleik. Verkstaddrifta vår er større enn eigedomsdrifta.

Mvh

Firda Billag AS

Peter Midthun

Peter Midthun

Fra: gunnar.boyum@no.pwc.com
Sendt: 17. oktober 2011 19:23
Til: Peter Midthun
Emne: Re: VS: Utkast til rapport til høyring
Vedlegg: Følgjebrev utkast til rapport til høyring.pdf; Utkast til rapport.pdf

Hel,

Eg viser til mottatt utkast til rapport frå SF revisjon sin selskapskontroll hos Firda Billag AS, og ditt spørsmål om eg har kommentarar til forholdet om vedtektene er i samsvar med aksjelova.

I vedtektene § 7 går det fram at styret er vedtaksført "når meir enn halvparten av medlemmane er til stades". Etter aksjelova § 6-24 følgjer det at styret kan treffe beslutning "når mer enn halvdel av medlemmene er til stede eller deltar i styrebehandlingen". Eg har ikkje sett styreinstruksen, men eg forstår det slik at den har samme ordlyd som aksjelova. Etter min vurdering har aksjelova/styreinstruksen og vedtektene samme reelle innhald sjølv om formuleringa er litt ulik.

I vedtektene § 7 står det vidare at styret fattar sine vedtak med vanleg fleirtal. Det er opplyst at det i styreinstruksen i tillegg står at ved likt tal stemmer gjeld det styreleiar har stemt. Etter min oppfatning er det ikkje noko motsetning i dette. Også etter aksjelova § 6-25 følgjer det at ein beslutning av styret krevjer at fleirtalet av dei styremedlemmane som deltek i handsaminga av ei sak, stemmer for. Dette er utgangspunktet og det er det som også er nedfelt i vedtektene. Ved stemmelikheit følgjer det vidare i aksjelova § 6-25 at møteleiaren har dobbeltstemme. Dette vil også gjelde ved stemmelikheit i beslutningar hos styret i Firda Billag AS. Dette som følgjer av ei naturleg forståing av samspelet mellom vedtektene og aksjelova, jf også vedtektene § 11 som viser til aksjelova når det gjeld forhold som ikkje er regulert i vedtektene. Såleis er det etter min oppfatning ingen motsetning mellom vedtekter, styreinstruks og aksjelov når det gjelder at det generelt sett er vanleg fleirtalskrav for beslutningar fatta av styret i Firda Billag AS, men at styreleiar har dobbeltstemme ved stemmelikheit.

I vedtektene § 9, 2. ledd, bokstav a, går fram at generalforsamlinga skal fastsette resultatrekneskap og balanse, her medrekna disponering av overskot eller dekking av underskot. Av aksjelova § 5-5 går det fram at generalforsamlinga skal godkjenne årsrekneskapet og årsmeldinga, herunder utdeling av utbytte. Eg er samd i at det i vedtektene godt kunne stått at generalforsamlinga også skal godkjenne årsmeldinga (i tillegg til godkjenning av årsrekneskapen). Dette har imidlertid ingen praktisk betydning, i og med at generalforsamlinga i h t aksjelova uansett må godkjenne årsmeldinga. Det er såleis heller ikkje motstrid mellom vedtektene og aksjelova i denne samanheng da aksjelova gir anvisning på noko ut over det som eksplisitt følgjer av vedtektene. Igjen viser til samspelet mellom vedtektene og aksjelova, jf vedtektene § 11 som viser til aksjelova når det gjeld forhold som ikkje er regulert i vedtektene. Eg viser også til at aksjelova gjelder på generelt grunnlag. Berre dersom vedtektene positivt gir uttrykk for noko anna vil aksjelova sine reglar kunne fråvåkast, dog med den avgrensing at i mange tilfeller kan vedtektene ikkje ha mindre strenge reglar enn aksjelova. Slik sett er det på det rene at generalforsamlinga i Firda Billag AS uansett må godkjenne årsmeldinga i selskapet, sjølv om dette ikkje konkret går fram av vedtektene. (For ordens skuld: Det er heller ikkje noko i vedtektene som gir uttrykk for at generalforsamlinga ikkje skal godkjenne årsmeldinga.)

Ta gjerne kontakt som det er spørsmål om noko.

Med venleg helsing/Kind regards,
Advokatfirmaet PwC

Gunnar Boyum
PwC | Partner | Nasjonal Partner
Phone: +47 95 26 13 13 | Switchboard: 02316 (+47 95260000)
Email: gunnar.boyum@no.pwc.com
Advokatfirmaet PricewaterhouseCoopers AS, company no. 988 371 084 MVA
Visiting address: Naustdalsveien 1 B, 6800 Førde | Postal address: Postboks 375, N-6802 Førde

Partner in charge/Lawyer in charge: Gunnar Boyum

Med mindre annet skriftlig er avtalt, er alle våre tjenester omfattet av våre alminnelige avtalevilkår.
Unless otherwise agreed in writing, all our services are based upon our Terms of Agreement.

The information transmitted is intended only for the person or entity to which it is addressed and may contain confidential and/or privileged material. Any review, retransmission, dissemination or other use of, or taking of any action in reliance upon, this information by persons or entities other than the intended recipient is prohibited. If you received this in error, please contact the sender and delete the material from any computer.



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen

Sakshandsamar:

Kjersti Døssland

E-post: kjersti.dossland@sfj.no

Tlf: 57 65 61 55

Vår ref.

Sak nr.: 11/3916-3

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

31308/11

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 31.10.2011

Sogn og Fjordane Revisjon IKS
Att: Marianne Vara

Selskapskontroll 2011 – høyringsuttale frå fylkeskommunen

Vi viser til dykkar brev dagsett 17. oktober, inkludert utkast til rapport frå gjennomført selskapskontroll i Firda Billag AS.

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at eigarrolla, inkludert strategiske forventningar til selskapa og rutinar for styresamansetning, er ivarettatt gjennom dei rutinane som er etablert i eigarmeldinga.

Eigarrolla, og arbeidet med eigarmeldinga, er likevel under stadig utvikling, og fylkeskommunen vil ta med seg innspela vidare i denne prosessen.

Med helsing

Jan Øhlckers
fylkesrådmann

Kjersti Døssland
juridisk rådgjevar



Øvrebø Vidar

Fra: Øvrebø Vidar
Sendt: 18. mars 2013 15:50
Til: 'post@bremanger.kommune.no'
Emne: Tilsynsrapportar Fylkesmannen

Vi viser til e-postane «Tilsynsrapportar Fylkesmannen» sendt den 24. oktober og 29. november frå SEKOM-sekretariat til Bremanger kommune, der kontrollutvalet ber om tilsvaret kommunen har gjeve Fylkesmannen etter tilsynsrapporten etter tilsyn etter lov om barnehagar av 28.06.2012.

Vi har motteke oversyn over dokumentasjon som er sendt over til Fylkesmannen i saka, men kan ikkje sjå å ha motteke tilsvaret frå Bremanger kommune til Fylkesmannen etter tilsynsrapporten.

Vi ber om å få tilsvaret til rapporten tilsendt så raskt som mogeleg.

Med helsing



Vidar Øvrebø
Dagleg leiar

SEKOM-sekretariat

Mobil: +47 95139762
vidar.ovrebo@sekom.no

SEKOM Sekretariat
Hafstadvegen 21
P.O. Box 338
6802 Førde
Tlf 57 82 02 00



Skatteetaten

Saksbehandlar
Björg Riple Sandnes

Dykkar dato

Vår dato
15.02.2013

Direkte tlf
800 800 00

Dykkar referanse

Vår referanse
2012/160216

Kommunestyret i Bremanger

6721 Svelgen

Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Bremanger kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar", fastsett av Skattedirektoratet 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 11. januar 2012.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkreving
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Postadresse
Skatt vest
Njøsavegen 2
6863 Leikanger
skattvest@skatteetaten.no

Besøksadresse
Sjå www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000
Org. nr: : 991733108

Sentralbord
800 80 000
Telefaks
51 91 73 01



2. Skatteoppkrevjarfunksjonen si måloppnåing

2.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Bremanger kommune viser per 31. desember 2012 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 359 404 914 og uteståande restansar² på kr 5 995 829. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 10. januar 2013.

2.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2012 for skatteoppkrevjarkontoret for Bremanger kommune. Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (%)	Resultatkrav (%)	Innbetalt av sum krav (%) førre år	Innbetalt av sum krav (%) region
Restskatt personlege skattytarar 2010	6,13	97,96	91,40	93,67	94,45
Arbeidsgjevaravgift 2011	44,68	99,61	99,80	99,63	99,85
Forskotskatt personlege skatteytarar 2011	12,81	99,50	98,00	98,77	99,22
Forskotstrekk 2011	138,50	100,00	100,00	100,00	99,95
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2011	55,16	100,00	99,80	100,00	99,89
Restskatt upersonlege skattytarar 2010	26,78	99,46	99,50	99,99	98,41

2.3 Arbeidsgjevarkontroll

Resultatet for skatteoppkrevjarkontoret per 31. desember 2012 viser følgjande³:

Tal arbeids-gjevarar	Minstekrav (5%)	Tal utførte kontrollar 2012	Utført kontroll 2012 (%)	Utført kontroll 2011 (%)	Utført kontroll 2010 (%)	Utført kontroll 2012 i region (%)
155	8	1	0,6 %	0,7	5,1	4,3

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum åpne (ubetalte) forfalne debetkrav

³ Frå 2011 er rapporteringsordninga endret frå rapportering pr. kommune til interkommunal kontrollordning/kontrollsamarbeid, der det er aktuelt.



2.4 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen etter skatteoppkrevjar sin resultatrapportering:

Tal årsverk 2012	Tal årsverk 2011	Tal årsverk 2010
1	1	1

Organisasjonskartet viser at skatteoppkrevjarkontoret i tillegg har ei 30% stilling som er knytt opp mot skatt.

3. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2012 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll. Siste stadlege kontroll vart halden 4. – 5. oktober 2012.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

4. Resultat av utført kontroll

- Intern kontroll**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, har skattekontoret ikkje funne vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- Skatte- og avgiftsinnkrevjinga**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- Arbeidsgjevarkontroll**


Skatteoppkrevjaren har i 2012 gjennomført ein stadleg arbeidsgjevarkontroll. Dette gir eit resultat på 0,6 % der kravet er 5%. På bakgrunn av eit avgrensa omfang kan ikkje skattekontoret konkludere på om utført arbeidsgjevarkontroll er i samsvar med gjeldande regelverk.



5. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2012 gjeve pålegg og tilrådingar som skatteoppkrevjaren er gjort kjend med i brev av 23. oktober og 3. desember 2012.

Venleg helsing

for 
Arnliot von Mehren
avdelingsdirektor
Skatt vest


Jan Kåre Strøm
underdirektor

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Bremanger kommune
- Skatteoppkrevjaren for Bremanger kommune
- Riksrevisjonen

Fra: Leo Cirotzki [<mailto:leo.cirotzki@elkem.no>]

Sendt: 26. februar 2013 19:14

Til: Harry Gulestøl

Kopi: Tveit Asgeir

Emne: Revisjonsrapportar for x-revisjonen

SH 10-13

Hei

Til neste møte ynskjer eg at x-revisjonen legg fram revisjonar dei har vore gjenstand for dei siste 5 åra.

Dvs revisjonar der x-revisjonen sine rutinar og system er revidert.

Eg har tidlegare bedt om dette i KU møte med revisor tilstades utan at dette er imøtekommt.

Å be om dette over bordet i møte er nok ikkje rett måte å gjere det på, så difor gjer eg ein slik forespørsel.

Mvh

Leo HHC

NOTICE: Please immediately e-mail back to sender if you are not the intended recipient. Thereafter delete the e-mail along with any attachments without making copies. The sender reserves all rights of privilege, confidentiality and copyright.

Kontrollutvalet

Svelgen 04.03.2013

v/leiar Harry Gulestøl

Ref overordna analyse, datert 26.10.2012

Eg er vel klar over at overordna analyse vart behandla i eit møte som eg ikkje deltok på, dvs meldte forfall til.

Likevel vel eg å kommentere eit forhold i overordna analyse, dvs eit forhold som ikkje er omtalt i overordna analyse.

Arbeidet med den overordna analysen viser at ein har dekkja dei ulike risikoar og sårbarehitar i kommunen. Dette endar opp i ein analyse om kva område som har største risikoar. Analysen inneheld ingen vekting på dei ulike risikoane, dette er framstilt som verktøy som revisjonen nyttar for å komme med sine anbefalingar. For å forstå korleis slik risikoanalyse er utført i kommunen må kontrollutvalet få tilgong til grunnlaget for analysen.

Eg registrerar at ein av kommunen sine store risikoar i 2012 ikkje er med som eit sårbart punkt i denne analysen. Eg er difor i tvil om at analysen viser det rette risikobiletet.

Ein av Bremanger Kommune sin større økonomiske risiko i 2012 var at revisor ved eit høve la ned arbeidet som revisor og kommunen sto i fare for å ikkje få tilført rettmessige tilskot > 10mill kr. Ved eit seinare høve i 2012 trua revisor med det same igjen. I ein periode på mindre enn 10 mnd sto ein i fare for å stå utan revisor. Det innebere stor risiko for ein kommune å stå utan revisor plutselig, denne risikoen saknar eg i ein slik analyse. Ein slik trussel kan gi unødig tvil om at ein er tilstrekkeleg uavhengig av revisjonstenesta. I vanleg risikoarbeid vil ein slik risiko komme ut som ein høg risiko. Normalt innebere det at når ein har ein konsekvens som gir tap på meir enn 10 mill kr på eit år, og med ein sannsynelegheit/frekvens som er oftare enn ein gong pr år, vil framstå som høg i ei risikomatrise.

Følgjande bør vurderast:

- Kommunestyret må informerast om at denne risikoen ikkje er med i overordna analyse
- Fylkesmannen må informerast om denne risikoen, då dette kan medføre at kommunen kan få redusert sine overføringar/tilskot/inntekter?
- Få avklart om denne risikoen har vore kommunisert frå adminstrasjonen
- Revisor må legge fram dei vurderingar og val som har gjort til at denne risikoen ikkje er avdekka, evt er avdekka men ikkje teke med i analyse. Korleis er den vekta i risikoanalysen?
- Kontrollutvalet må få tilgong til alt grunnlag for den overordna analysen for å kunne sikre at alle risikoar er med og at dei risikoar med størst konsekvens/sannsynelegheit er med inn i overordna analyse

Mvh

Leo Cirotzki

SM R-13

From: Leo Cirotzki
Sent: 4. april 2013 10:36
To: Harry Gulestøl
Subject: Er leverandørane/kundane til kommune nøgde?

Hei

Sidan førre gjennomgong av BK sine innkjøpsrutinar som rådmannen greia ut, har eg fått fleire eksempel på at kanskje ikkje tiltaka som rådmannen presenterte er effektive nok/sett i verk. Burde vi ha bedt rådmannen om ein status på dette arbeidet, og om denne oppfatninga er rett?

Leo

NOTICE: Please immediately e-mail back to sender if you are not the intended recipient. Thereafter delete the e-mail along with any attachments without making copies. The sender reserves all rights of privilege, confidentiality and copyright.

SM 13-13

Øvrebø Vidar

Fra: Harry Gulestøl <harry.gulestol@elkem.com>
Sendt: 4. april 2013 10:24
Til: Øvrebø Vidar
Emne: FW: Brev til fylkesmanne om samanstening av kontrollutval Bremanger Kommune
Vedlegg: Svar_Fylkesmannen_Kryss1.pdf; Bremanger_kommune_-_spørsmål_om_samansetting_av_kontrollutvalet.pdf; Brev til Fylkesmannen.pdf

[Legger du denne inn i Skriv og meldinger \(Både e-post og vedlegg ?\)](#)

Mvh Harry

From: Leo Cirotzki
Sent: 26. februar 2013 18:59
To: Harry Gulestøl
Cc: Tveit Asgeir
Subject: Brev til fylkesmanne om samanstening av kontrollutval Bremanger Kommune

Hei
I forespørselen til Fylkesmannen 02.10.2013 frå x-revisjonen om samansetning av KU i Bremanger Kommune er det fleire faktafeil.

Pkt 1

Utan å kjenne til arbeidsoppgåvene til ektefellen til leiar i KU kan ein ikkje vurdere leiar som ugild for arbeid i KU. Normalt vert spørsmålet om ugild vurdert frå sak til sak. Dette er eit spørsmål som KU handterer i dag og vurderar slik det er forventa.

Pkt 2

Nestleiar i KU er ikkje tilsett i kommunen sin beredskapsvakt. Nestleiar er leigd inn i samarbeid om brannvern som vart etablert i 2007 mellom BK og EB. Nestleiar er tilsett hjå Elkem Bremanger og har ingen arbeidsforhold med BK.

Overskridingane i beredskapen er uriktig plassert som etterfakturering for 2009 og 2010 i januar 2011. Ved ettersyn viser det seg at i januar 2011 vart det fakturert eit feil høgt beløp tilsvarande overskridingane.

Pkt 3

Innvald vara til fast medlem i KU har ikkje ektefelle som arbeidar på løns og personalkontor.

For ettertida er det ein klar forventning at x-revisjonen sjekkar fakta før ein nyttar argumentasjon og presenterar påstandar og uriktigheitlar slik at dei vert tilgjengeleg på offentlege postlister. Det er ei forventning frå underteikna at x-revisjonen sender nytt brev til fylkesmannen der riktige opplysningar vert gjort kjent på same måte som brev med uriktige opplysningar vart.

Med Helsing
Leo Cirotzki

NOTICE: Please immediately e-mail back to sender if you are not the intended recipient. Thereafter delete the e-mail along with any attachments without making copies. The sender reserves all rights of privilege, confidentiality and copyright.

Fra: Nordheim Arnt Erik[fmsfaen@fylkesmannen.no]
Dato: 02.10.2012 15:27:14
Til: FMSF Postmottak
Tittel: VS: Kontrollutvalsamansetting

Fra: Førde Terje [<mailto:Terje.Forde@kryssrevisjon.no>]
Sendt: 2. oktober 2012 15:15
Til: Nordheim Arnt Erik
Emne: Kontrollutvalsamansetting

Hei.

Vi er i ferd med å utarbeide ein overordna analyse for Bremanger kommune. Denne skal bl.a. basere seg på risiko- og vesentlegheitsvurderingar. I den samanheng har vi også sett på samansetninga av kommunen sine utval, der vi også har sett på samansetninga av kommunen sin kontrollutvalsfunksjon. Vi finn den noko spesiell og som vi vurderer å kunne vere risikobetont, og der vi også stiller spørsmålet om lovlegheita av dei val/samansetning som er gjort for kommunen sin kontrollutvalsfunksjon; - jfr. dei strenge krav som er stilt til kontrollutvalsfunksjonen (utvalet) si samansetning (habilitet, uavhengigheit, osv.).

Vi har prøvd å kome i kontakt med juridisk sjef Turid Måseide, men forstår det slik at ho er i permisjon. Vi er derfor anbefalt å sende vår førespurnad til Dykk, Arnt Erik Nordheim.

Vedlagt følgjer vårt brev av i dag, der vi tek opp tre problemstillingar som det hadde vore greitt å få nokre kommentarar på frå Fylkesmannen si juridiske avdeling si side. Dersom kontrollutvalet si samansetning ikkje er lovleg valgt, kven tek den saka opp med kommunen ?

I det vi viser til vedlagte filvedlegg med brev av i dag, 02.10.12, tør vi imøtesjå ei tilbakemelding med det første.

På førehand takk for hjelpa !

mvh
Terje Førde
Dagleg leiar/revisjonssjef
Mobil: 99229227
E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Juridisk avdeling
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.:

\\kontrollutvalet\habilitet\tf12

Arkivkode:

216

Journalnr.:

055 / 2012

Dokumentdato:

2. oktober 2012

KONTROLLUTVALSFUNKSJONEN

I Bremanger kommune har vi følgjande faktum når det gjeld kontrollutvalsfunksjonen i kommunen:

1.

Leiar i Kontrollutvalet er gift med dagleg leiar i det kommunale føretaket "Bremanger Hamn og Næring KF". KF'et er vedteke nedlagt frå komande årsskifte (01.01.2013), der dagleg leiar skal innfasast i rådmannen sin sentralstab. Arbeidsoppgåvene er ikkje endeleg fastlagde idag, men det vil vere ansvar for kommunen sine hamne- og næringssaker, sakshandsaming for rådmannen, m.v. Etter vår oppfatning vil kontrollutvalet sin leiar vere betydeleg svekka i høve habilitetskravet til leiarvervet, når hans ektefelle er ein slik nærstående part i kommunen si leing.

2.

Nestleiar i kontrollutvalet er tilsett i kommunen sin beredskapsvakt og inngår i den kommunale vaktberedskapsordninga for brannvernet i kommunen. Vedkomande er i arbeid hos Elkem Bremanger, og for å unngå lovens bokstav i forhold til kontrollutvalsfunksjonen, vert vedkomande løna av Elkem Bremanger, som så sender refusjonskrav til kommunen. Etter vår oppfatning kann dette vere ei omgåing av lovverket i forhold til valgbarheit til kommunen sitt kontrollutval. Uansett er denne forvaltninga - som vedkomande vil vere ein del av som tilsett i kommunen sin beredskapsvaktordning – vere udnerlagt tilsyn frå kommunen sitt kontrollutval løpande gjennom året, og då er det merkeleg at ein slik etablert praksis kann stå seg i høve die valgbarheitskriteria som er stilt til deltaking i kommunen sitt kontrollutval, Vi ber om Fylkesmannen si juridiske avdeling si vurdering av forholdet. Bør det her evt. krevjast utskiftning/nyval her, og kven er rette instans til å påpeike dette ? (Viser til tilsvarande forhold som blei påpeika i Gloppen kommune etter kommunevalet hausten 2011).

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Forde, Jølster, Naustdal, Gaular
Forde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Forde
Postboks 487, 6801 Forde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

3.

Ved suppleringsval til kontrollutvalet (i samband med at eit fast medlem bad om fritak og flytta frå kommunen), blei ein tidlegare vald vararepresentant vald inn i kontrollutvalet som fast medlem. Vedkomande er gift med kommunalt tilsett i 100 % stilling, som har sitt arbeid på løns- og personalkontoret, med registreringsansvar for lønsrekneskapen (70 % av driftsbudsjettet).

Etter vår oppfatning gjev ikkje punkt 1 og 3 ovanfor åleine grunnlag til å krevje omval/nyval. Det er likevel vår oppfatning at samansetninga av kontrollutvalsfunksjonen er uheldig og ikkje god, ettersom det her åpentbart er nærstående partar i kommuneforvaltninga, som inneber ein viss risiko for at kontrollutvalet ikkje vil utføre tilsynsoppgåva si på ein tilfredsstillande måte og vere uavhengig og objektiv slik den etter lovintensjonen og forskriftene skal vere. Det er såleis konstatert at 3/5 av kontrollutvalet si samansetning er å betrakte som nærstående partar i forhold til den forvaltninga utvalet skal føre tilsyn med. Ut frå dette kan det stillast spørsmål kring utvalet sin objektivitet og uavhengigheit. Etter vår oppfatning er dette uheldig og representerer i seg sjølv ein risiko for kommunen, som Kommunestyret etter kommunelova § 76 sjølv må ta inn over seg og står ansvarleg for.

Når det gjeld punkt 2 meiner vi at det ikkje er tilfredsstillande at ein tilsett i brannberedskapsvakta til kommunen er fast medlem (og nestleiar) i kommunen sitt kontrollutval. Vi kan her nemne at i rådmannen si årsmelding for 2011, som ei forklaring på store overskridingar på brannvernberedskapen, heiter det bl.a. (sitat) *“ein tilsett i beredskapsvakta er lønna gjennom Elkem Bremanger og lønskostnadene for 2009 og 2010 vart ikkje fakturert for i 2011”* (sitat slutt). Denne “tilsette” er nestleiaren i kommunen sitt kontrollutval.

Vi arbeider i desse dagar med ei overordna analyse for kommunen. Denne skal bygge på bl.a. forhold som risiko- og vesentlegheitsvurderingar og vere eit beslutningsgrunnlag for kontrollutvalet og kommunestyret sin plan for forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar framover. Det er såleis viktig for oss å ta fram dei faktiske risikoforholda som er i kommunen idag og peike på desse; sjølv om det i dette tilfelle faktisk og reelt gjeld kontrollutvalet sjølv.

I det vi viser til ovanforstående tør vi be om juridisk avdeling sine betraktningar kring dei påpeika forholda i kontrollutvalsamansetninga i Bremanger kommune. Vi ønskjer også råd om korleis vi eventuelt skal ta dette opp vidare.

Om mogleg er vi takksame for ei rimeleg rask tilbakemelding på dette. På førehand takk for hjelpa.

Florø, 02.10.2012

Med helsing



Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Anne Jorun Myklebust
Telefon: 57 64 31 84
E-post: fmsfamy@fylkesmannen.no

Vår dato
22.10.2012
Dykkar dato
02.10.2012

Vår referanse
2012/4141 - 322
Dykkar referanse

Elektronisk mottakar:
Kryss revisjon
v/ Terje Førde

Svar på spørsmål om samansetting av kontrollutval, Bremanger kommune

Vi viser til brev datert 02.10.2012. I brevet peiker de på tre forhold i samansetninga av kontrollutvalet i Bremanger kommune som de meiner er uheldige, og de ber Fylkesmannen om å vurdere forholda. Vi legg til grunn at det nærare innhaldet av brevet er kjent.

Fylkesmannen viser til at det er kommunestyret som har ansvaret og som vel medlemmane til kontrollutvalet. Det er derfor opp til kommunestyret å vurdere om ei samansetning av medlemmane i kontrollutvalet er heldig eller ikkje. Fylkesmannen kan derfor ikkje gå inn på ei nærare vurdering av dette slik de spør om. Fylkesmannen har likevel ei generell rettleiingsplikt innanfor våre område, jf. forvaltningslova § 11. Vi vil derfor i det følgjande gje ei generell orientering om regelverket kring samansetning av kontrollutvalet.

Oppgåvene og samansetninga i kontrollutvalet

Kontrollutvalet skal medverke til at kommunen når dei måla som er sette, innanfor rammene av gjeldande regelverk og tildelte ressursar. Kontrollutvalet skal også medverke til å styrke tilliten til forvaltninga, gjennom førebygging og avdekking av mislege handlingar og andre uheldige tilhøve.

Kommunestyret skal leggje til rette for eit kontrollutval som kan medverke til demokratisk innsyn og kontroll. For at tilliten til at kontrollutvalet utfører kontrolloppgåvene sine på ein god måte, er det viktig at medlemmane i utvalet er uavhengige og nøytrale. Det er derfor reglar om kven som er utelukka frå val til kontrollutvalet. Kven dette er, går fram av § 14 nr.1 bokstav b og § 77 nr. 2 i kommunelova:

§ 14 nr. 1:

b) Utelukket fra valg er fylkesmannen, assisterende fylkesmann, og den som i vedkommende kommune eller fylkeskommune er administrasjonssjef eller dennes stedfortreder, er sekretær for kommunestyret eller fylkestinget, er leder av forvaltningsgren, har ansvaret for regnskapsfunksjonen i kommunen eller fylkeskommunen, eller foretar revisjon for kommunen eller fylkeskommunen. Leder av enkeltstående virksomheter er likevel ikke utelukket fra valg. I kommuner og fylkeskommuner med parlamentarisk styreform er ansatte i sekretariatet til rådet som har fått myndighet delegert fra rådet, ikke valgbar.

§ 77 nr. 2:

Utelukket fra valg er ordfører, fylkesordfører, varaordfører, medlem og varamedlem av formannskap og fylkesutvalg, medlem og varamedlem av kommunal eller fylkeskommunal nemnd med beslutningsmyndighet, medlem av kommuneråd eller fylkesråd og ansatte i kommunen eller fylkeskommunen.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Når det gjeld spørsmål om kven som vert rekna for å vere «ansatt i kommunen», vil dette normalt vere personar som er tilsett av eit kommunalt organ. Kommunal- og regionaldepartementet har tidlegare uttalt at omgrepet "ansatt" ikkje omfattar personar som utfører arbeid for ein kommune utan at det ligg føre eit ordinært tilsetjingstilhøve, sjå sak 04/2754 i rundskriv 19/05 <http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/rundskriv/2005/rundskriv-h-1905.html?id=109529>.

Departementet har elles i eit brev til Senterpartiet i Sogn og Fjordane 26.10.2011 lagt til grunn at omgrepet «ansatte i kommunen» omfattar alle som har eit slikt forhold til kommunen at dei kan reknast å ha kommunen som arbeidsgjevar, sjølv om dette ikkje er hovudarbeidet til vedkomande. Det har ikkje noko å seie om det er tale om ein liten stillingsbrøk.

Etter kommunelova §§ 14 og 77 er det berre personar som er i dei posisjonane/stillingane som er nemnde i føresegnene, som ikkje kan veljast inn i kontrollutvalet. Om ein person har ein nær relasjon til ein person i ein av desse posisjonane/stillingane, vil det derfor ikkje vere i strid med desse føresegnene å velje personen inn i kontrollutvalet.

Nære relasjonar til personar i stillingar som vert omfatta av kommunelova § 14 og § 77 kan likevel føre til at vedkomande vert inhabil etter forvaltningslova § 6 eller § 40 når saker er til handsaming i kontrollutvalet. På bakgrunn av formålet og funksjonen med kontrollutvalet, er det viktig at kommunestyret sørgjer for å velje eit kontrollutval som fungerer godt, med medlemmar som kan delta aktivt i dei oppgåvene som er lagt til kontrollutvalet. Kommunestyret bør derfor også vurdere omsynet til inhabilitet når dei vel medlemmar til kontrollutvalet. I *Kontrollutvalsboka, Om rolla og oppgåvene til kontrollutvalet*, H-2254 B, utgjeve av Kommunal- og regionaldepartementet, gjev departementet følgjande tips på side 18:

Kommunestyret må vere merksame på at det kan vere forhold som gjer at valbare personar ofte kan bli inhabile, og at det difor ikkje er tilrådelig at dei blir valde. For eksempel dersom:

- *Kontrollutvalsmedlemmen er i ein for nær relasjon med personar som har leiaransvar i sentraladministrasjonen i kommunen.*
- *Kontrollutvalsmedlemmen er styremedlem eller leiar i eit selskap som kommunen har eigarskap i.*

Fylkesmannen presiserer at sjølv om det sit personar i kontrollutvalet som lett vert inhabile i saker for kontrollutvalet, fører ikkje det i seg sjølv til at samansetninga av utvalet er ulovleg.

Nyval

Etter kommunelova § 77 nr. 3 kan kommunestyret når som helst gjere nyval av medlemmane i kontrollutvalet. Det er derfor kommunestyret sjølv som må vurdere om det er forhold ved samansetninga av kontrollutvalet som gjer at det bør gjerast nyval.

Dette går også fram av forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner av 15.06.2004 § 3, der det samstundes vert presisert at det ved utskifting av eitt eller fleire medlemmar i utvalet, også skal gjerast nyval av alle medlemmane i utvalet. Dette er ikkje til hinder for at personar som allereie sit i kontrollutvalet, vert valt på nytt.

Med helsing

Arnt Erik Nordheim
rådgjevar

Anne Jorun Myklebust
rådgjevar

Elektronisk kopi m/vedlegg til:
Bremanger kommune

Vedlegg:

1. Brev frå Kryss revisjon datert 02.10.2012

Brevet er elektronisk godkjent.

SM 14-13



BREMANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN

SEKOM Sekretariat
v/ Asgeir Tveit

Vår ref.
13/489-3/K3-&14, K1-216/TOM

Dykkar ref.

Dato:
25.03.2013

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet - kommunestyret si handsaming

Kommunestyret behandla årsmelding 2012 frå kontrollutvalet den 21.03.2012, sak 017/13.


Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Bremanger kommune vert godkjend.

Dette til orientering.

Møteboka vert oversend i «samlesending».

Med helsing


Tom Joensen
Rådmann

Kontoradresse:
Rådhuset
6721 SVELGEN

Postadresse:
Postboks 104
6721 SVELGEN

Telefon / telefaks:
57 79 63 01

E-post / web:
tom.joensen@bremanger.komm
une.no
www.bremanger.kommune.no

Bankgiro:
3776.07.50035



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Kåre Træen
Telefon: 57643004
E-post: fmsfkr@fylkesmannen.no

Vår dato
01.03.2013
Dykkar dato
02.01.2013

Vår referanse
2013/14 - 331.1
Dykkar referanse

Bremanger kommune
Postboks 104
6721 Svelgen

Bremanger kommune – godkjenning av budsjett 2013 og økonomiplan 2013 – 2016

Bremanger kommunestyre har i møtet 13.12.2012, sak nr. 104/12, handsama og vedteke budsjett 2013 og økonomiplan/handlingsplan 2013 – 2016.

Kommunen er innmeldt i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning). Fylkesmannen skal derfor føre kontroll og godkjenne budsjett, økonomiplan og låneopptak.

Budsjett 2013 og økonomiplan/handlingsplan 2013 – 2016 er godkjent.

Låneopptak på kr 12 300 000 er godkjent.

Sakshandsaming

Fylkesmannen har ikkje merknader til kommunen si sakshandsaming. Vi legg til grunn at formannskapet si innstilling til budsjett og økonomiplan, med alle framlegg til vedtak, har lege ute til offentleg gjennomsyn i minimum 14 dagar, jf. kommunelova § 44 nr. 7 og § 45 nr. 3.

Skatteinntekter/rammetilskot – frie inntekter

Kommunen har budsjettert med skatt på inntekt og formue og rammetilskot på samla 235,1 mill. kroner, fordelt slik:

- Skatt på inntekt og formue: 93,2 mill. kroner
- Rammetilskot: 141,9 mill. kroner

Budsjettet er i samsvar med framlagt statsbudsjett for 2013.

Siste prognosemodell til Kommunenes sentralforbund (KS) tek utgangspunkt i vedteke statsbudsjett for 2013 med innbyggjartal per 01.07.2012 for utgiftsutjamninga, og 01.01.2013 for skatteinntekter og inntektsutjamninga. Ut i frå dette er prognosen at Bremanger kommune får 235,4 mill. kroner i sum skatt på inntekt og formue og rammetilskot.

Kommunen hadde ein vekst i folketalet i 2012 på 54 personar som utgjør 1,39 %. Veksten er større enn landsgjennomsnittet, som m.a. betyr at prognosen for skatt og rammetilskot blir noko betre enn statsbudsjettet.

Fylkesmannen sin kommentar

Skatteinntekter og rammetilskot er i 2013 budsjettert i samsvar statsbudsjettet og kommunen har i 2012 hatt ei betre utvikling av folketalet enn landet.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Driftsresultat og balanse

Etter tap på plasseringar i verdipapir (2007 og 2008), hadde kommunen per 31.12.2011 eit akkumulert underskot på 179,4 mill. kroner. Førebelse tal frå rekneskapen 2012 viser at kommunen klarer å dekkje inn 9 mill. kroner mot budsjettet 20,4 mill. kroner. Kommunen har ein plan på 10 år fram til 2018, for inndekning av akkumulert underskot.

Det er budsjettet med auke i inntekter frå eigedomsskatten på 4,3 mill. frå 2012 til 31,4 mill. kroner i 2013. Dette som følgje av auka takstar på verk og bruk (klagesaker og nye fastsetjingar av Sentralskattekontoret) og nye takseringar av overføringsanlegg for kraft. Det er vedteke innføring av eigedomsskatt på bustad- og fritidseigedomar frå 2014. Budsjettet inntekt 5 mill. kroner. Frå 2014 er det budsjettet med ein stor auke i inntekter frå eigedomsskatt, til 56 mill. kroner årleg i 2016. Utbytte frå Sogn og Fjordane Energi A/S er budsjettet med 1 mill. kroner i heile perioden, ein reduksjon på 2 mill. kroner frå 2012. Det er budsjettet med ei moderat auke i rentenivået, frå 3,3 % i 2013 til 3,5 % frå 2014. Avdrag på 12 mill. kroner i 2013, er budsjettet etter kommunelova sine reglar om minimumsavdrag. Gevinst for sal av konsesjonskraft er budsjettet til 8,2 mill. kroner i heile perioden, tilsvarende som i 2012. Inntekter frå heimfall er budsjettet med 5 mill. kroner kvart år i heile perioden, ein auke på 2,5 mill. kroner frå 2012. I dette ligg det nye avtalar med Statkraft og ei forventning om auke av kraftprisen til eit normalt nivå.

Kommunen har som målsetjing å oppretthalde tenestetilbodet og kvaliteten i tenestene til innbyggjarane, samstundes gjennomføre planen for inndekning av det akkumulerte underskotet innan 2018. Budsjettråmene for 2013 som er fordelte til drifta har sitt grunnlag i justert 2012-budsjett, regulert til 2013-nivå med ei gjennomsnittleg løns- og prisauke (deflator) på 3,2 %. I tillegg er det budsjettet med nye tiltak som følgjer av lov og forskrift, tilpassingar av drifta gjennom reduksjon i stillingar, innsparingar og reduksjon i tilbod som ikkje er lovpålagde. Prisar på kommunale tenester er auka utover deflatoren. Innsparingar og nye tiltak vedteke i 2012 er vidareført med heilårsverknad frå 2013. Med unntak av sentraladministrasjonen og teknisk driftseining har dei andre områda ein auke utover gjennomsnittleg løns- og prisvekst. Men netto auke er samansett av både nye lovpålagde oppgåver, eigne vedtak for auke, innsparingar på kjøp av varer og tenester, stillingsreduksjonar og halde stillingar vakante.

Etter Terra-saka har kommunen ei bokført kortsiktig gjeld per 31.12.2012 til DnB NOR på 268 mill. kroner, inklusiv påløpte ikkje betalte morarenter på 53,7 mill. kroner. Gjelda til DnB NOR er omtvista og kommunen har stoppa beteninga av lånet. Banken har svart med å seie opp lånet, og krevje inn gjelda gjennom eit søksmål. I påvente for avklaring av ei rettssak kommunane og konkursbuet i Terra Securities har reist mot ein annan part i Terra-saka, Citigroup, har DnB NOR og kommunen inngått ei avtale om at saka kan utsetjast i påvente av utfallet i saka mot Citygroup. Banken har akseptert at det i utsetjingsperioden ikkje skal reknast morarente på lånet. Renta skal reknast etter ei marknadsrente knytt til 3 mnd. Nibor, med eit tillegg på 0,4 %. Ut i frå dette har kommunen lagt til grunn ei rente på 2,7 % i heile perioden for gjelda til DnB NOR, tilsvarende 5,7 mill. kroner. Kommunen har i dei seinare år hatt store verditap på finansielle derivat. Derfor har kommunen i perioden 2014 - 2016 kvart år avsett midlar til å dekkje eventuell vidare negativ verdiutvikling på desse derivata, 1,5 mill. i 2014, 1 mill. i 2015 og 1,5 mill. kroner i 2016.

Netto driftsresultat er i 2013 budsjettet med 32,8 mill. kroner, som er 8,8 % av driftsinntektene.

Fylkesmannens kommentar

Kommunelova § 46, nr. 6 krev at budsjettet skal vere i balanse etter finanstransaksjonar og avsetningar. Bremanger kommune har oppfylt dette kravet.

Tidlegare års underskot

Akkumulert underskot per 31.12.2011 var på 179,4 mill. kroner.

Revidert plan vedteken i økonomiplanen 2013 – 2016 (1000 kr):

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	SUM
plan vedteke øp 2013-2016			20 400	25 000	25 000	25 000	38 959	44 959	46 259	225 577
akkumulert 31.12	182 218	179 365	158 965	133 965	108 965	83 965	45 006	47		+46 212

Planen har ein positiv margin på 46,2 mill. kroner. Førebels rekneskap for 2012 har ei inndecking på 9 mill. kroner, som er 11 mill. kroner lågare enn budsjettert. Akkumulert underskot ved utgangen av 2012 blir etter dette 170,6 mill. kroner, mot budsjettert 158,9 mill. kroner. Hovudårsaka til dette er verditap på finansielle derivat. I 2013 er det budsjettert med ei inndecking på 25 mill. kroner, som er 3 mill. kroner lågare enn det som sist vart vedteke i 1. tertialrapport 2012.

Fylkesmannen sin kommentar

Etter kommunelova § 48 nr. 4 har Bremanger kommune fått godkjent at underskotet kan dekkjast inn over 10 år. Samanlikna med planen som vart vedteken i 2012, er det gjort mindre tilpassingar. Risikoen for at planen ikkje blir gjennomført, er at kommunen framleis får verditap på finansielle derivat og at budsjettert auke i inntekter frå kraftverksemd og vindkraftverk ikkje blir oppnådd.

Fylkesmannen godkjenner revidert plan for inndecking av akkumulert underskot.

Investeringsbudsjettet – 2013

Kommunen legg opp til eit investeringsbudsjett i 2013 på 53,4 mill. kroner, fordelt på anleggsmidlar 52,3 mill. kroner, 0,5 mill. kroner i overføringar til kyrkja for rehabilitering av bygg og kjøp av aksjar og andelar (KLP-eigenkapitalinnskott) 0,6 mill. kroner. Investeringane er planlagt finansierte med lån 40,6 mill., tilskot 7 mill. og overføring frå drift 5,8 mill. kroner. Av overføring frå drift utgjer momskompensasjon frå investeringar 5,2 mill. kroner.

Som Robek-kommune er det etter kommunelova § 50 nr. 9 krav om at kommunale låneopptak skal godkjennast av departementet i dei høve som gjeld § 60 i kommunelova. Departementet har delegert dette myndet til Fylkesmannen.

Fylkesmannen sitt generelle syn på lånegodkjenning til Robek-kommunar er:

- Budsjett og økonomiplan må vere i balanse og nye lån må vere innarbeidd i budsjett og økonomiplan
- Å berre ta opp lån som er sjølvfinansierande
- Å rå frå opptak av lån som aukar driftsutgiftene

Kommunen har i 2013 lagt opp til følgjande nye låneopptak:

Nr	Prosjekt	Kroner 2013	Kommentar	Fylkesmannen si godkjenning
1	Hauge skule	4 000 000	Pålegg arbeidstilsynet for arbeidsplassar lærarar	Godkjent
2	Rehabilitering kommunale bygg	1 800 000	Pålegg brann og el.anlegg	Godkjent
3	Vassverk ytre	6 000 000	Sjølvkstanlegg. Godkjent 12mill.	Godkjent

Nr	Prosjekt	Kroner 2013	Kommentar	Fylkesmannen si godkjenning
			tidlegare	
4	Brann	500 000	Oppgradering bekledning og utstyr	Godkjent
	SUM lån	12 300 000		

I budsjettet for 2013 har kommunen budsjettert opp att følgjande prosjekt som ikkje vart gjennomført i 2011 og 2012:

- Kalvåg oppvekst	5,0 mill. kroner
- Omsorgsbustader Hauge	3,6 mill. «
- Svelgen omsorgssenter	9,3 mill. «
- Reservestraumforsyning Bremanger sjukeheim	2,1 mill. «
- Vassverk ytre	6,0 mill. «
- Leidningsnett Svelgen	0,5 mill. «
- Avløp Svelgen	0,5 mill. «
- Utrykningsbil	0,8 mill. «
- Kommunal veg/bruer	0,5 mill. «
Sum	28,3 mill. «

Fylkesmannen har godkjent låneopptak for desse i 2011 og 2012, og kommunen må bruke desse godkjenningane til å ta opp låna.

Kommunen må sikre at alle prosjekt som skal førast i investeringsrekneskapen etter forskrift vert rekna som påkosting.

Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter ligg over gjennomsnittet til den samanliknande kommunegruppa i Kostra.

Fylkesmannen sin kommentar

Budsjetterte nye låneopptak som gjeld 2013 blir godkjende.

Økonomiplan/handlingsplan 2013 – 2016

Kommunen ligg etter planen for inndekning av akkumulert underskot. Negative verdiendringar på finansielle derivat er hovudårsaka til dette. For perioden 2013 – 2016 er det budsjettert med ei inndekning på 114 mill. kroner, som er 1,7 mill. kroner lågare enn planen som vart vedteken i 2012.

Det knyter seg stor usikkerheit for utvikling og avklaringar knytt til derivatavtalane kommunen har med Depfa bank og Fokus bank. Verdien av avtalane kan endre seg mykje frå år til år, og dermed få innverknad på inndekning av underskot og tenestene som kommunen skal gje til sine innbyggjarar.

Frå 2014 er det forventa ein større auke i inntekter frå eigedomsskatt på kraftverksemdar og utbygging av vindkraft. Kommunen legg inn dette som eit vesentleg bidrag til inndekning av underskotet innan 2018.

Låneopptak er i sum budsjettert med 115 mill. og avdrag 66 mill. kroner. Det betyr at lånegjelda i prosent av driftsinntektene aukar, og reduserer dermed handlefridomen til kommunen. Den største investeringa er ombygging og omlegging av pleie- og omsorgstenesta. Totalt ei investering på 140 mill. kroner i perioden 2013 - 2016, finansiert med 74 mill. kroner i lån og resten tilskot og eigenfinansiering.

Fylkesmannens kommentar

Kommunelova § 44, nr. 4 krev at økonomiplanen for kvart enkelt år skal vise dekning for dei utgifter og oppgåver som er ført opp, jf. § 46 nr. 6. Økonomiplanen til Bremanger kommune oppfyller desse vilkåra. Som følgje av store investeringar innan pleie- og omsorg får kommunen større lånegjeld. Kommunen må derfor ha ei streng prioritering av andre investeringar gjennom bruk av egne midlar til nødvendige investeringar. Det er bra at kommunen frå 2014 har avsett midlar til å dekkje eventuell vidare negativ verdiutvikling på finansielle derivat.

Vedtak:

Fylkesmannen skal føre lovlegkontroll av budsjettvedtaket til Bremanger kommune, jf. kommunelova § 60 nr. 2. Vi har føreteke kontrollen, og Bremanger kommune sitt budsjettvedtak for 2013 og økonomiplan 2013 – 2016 er godkjent.

Etter § 50 nr. 9 i kommunelova, jf. departementet si fullmakt av 27.02.2001, skal Fylkesmannen godkjenne låneopptak for kommunar som er innmeldt i Robek-registeret. Vi har godkjent låneopptak for 12,3 mill. kroner, jf. oversyn låneopptak. Det er eit vilkår at lån blir betalt tilbake i samsvar med reglane i kommunelova § 50 nr. 7 a – avdragstida kan ikkje overstige den vekte levetida for kommunen sine samla anleggsmidlar ved siste årsskifte.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Kopi pr. e-post: Kryss-revisjon – kryss@forde.kommune.no



ÅRSMØTE I FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN 5. JUNI 2013



www.fkt.no

09.00 – 10.00	REGISTRERING "Noe å bite i"
10.00 – 10.15	Åpning av konferansen. Per Rune Vereide Styreleder i FKT / Nestleder i Sogn og Fjordane fylkeskommune`s kontrollutval.

POLITISK LEDELSE I KRD - TANKER OG FORVENTNINGER.

Møteleder: Per Rune Vereide, styreleiar i FKT

10.15 – 10.45	Nytt fra KRD, forventninger og fremtidstanker. Anja Kristin Salte Hjelseth Politisk rådgiver i Kommunal- og regionaldept.
10.45 – 11.00	Spørsmål og kommentarer fra salen.
11.00 - 11.15	PAUSE

KORRUPSJON, MISLIGHETER OG ANTIKORRUPSJONSARBEID

Møteleder: Wencke Sissel Olsen, nestleder i FKT

11.15 - 11.35	Foreleser presenteres senere
11.35 - 11.55	Korrupsjon og misligheter – fokusområde i finansiell revisjon? Harald Brandsås Fagdirektør i Den norske Revisorforening (DnR).

11.55 - 12.15	Foreleser presenteres senere
12.15 – 13.00	PANELDISKUSJON Spørsmål og kommentarer fra salen.
13.00 – 14.00	LUNCH

BUDSJETTEST I KOMMUNENE – HVA KAN MAN FORVENTE AV STYRINGSdokumenter?

Møteleder: Kirsten Emilie Aasen, styremedlem i FKT

14.00 – 15:00	Budsjetttest for kommunene Bjørn Brox - Cand. polit. og bedriftsøkonom. Arbeider som konsulent i Agenda Kaupang - Skribent på siste side i Kommunal Rapport, med budsjett og årsmeldingstest
15.00 – 15.30	DISKUSJON Spørsmål og kommentarer fra salen.

15.30 – 15.45	KAFFEPAUSE / Registrering av årsmøtedeltagere
---------------	---

ÅRSMØTE I FKT.

15.45 – 16.30	ÅRSMØTE I FKT – Se informasjon på baksiden
---------------	--

UTFLUKT

17.30	SOSIALT ARRANGEMENT. Sosialt arr. Kreativ planlegging pågår.
-------	--

TORSDAG 6. JUNI 2013.

BESTILLERKOMPETANSE OG MEDIAHÅNDTERING

Møteleder: Siri Holm Lønseth, styremedlem i FKT

09.00 – 10.00	Gode bestillinger av revisjon. Stein Ove Songstad - Hovedansvarlig for forvaltningsrevisjon i Deloitte AS - Medforfatter av Kontrollutvalgsboken og av Veileder i forvaltningsrevisjon
10.00 – 10.15	PAUSE
10.15 – 11.00	Økt oppmerksomhet om kontrollutvalgssakene – hvordan håndtere media? Ole Petter Pedersen Redaktør i Kommunal Rapport
11.00 – 11.30	PAUSE / utsjekking
11.30 – 12.30	LUNCH

HØRING I KONTROLLUTVALGET.

Møteleder: Per Rune Vereide, styreleiar i FKT

12.30 – 13.00	Ja – vi har gjennomført høring! Erfaringer fra Nord-Trøndelag fylkeskommune. Liv Tronstad Kontrollsjef i KomSek Trøndelag IKS.
13.00 – 13.30	Hva må vi være oppmerksom på ved høringer? Wencke Sissel Olsen - Nestleder i FKT - Sekretariatsleder i Rogaland kontrollutvalgssekretariat IKS
13.30 – 13.45	PAUSE
13.45 – 14.15	PANELDISKUSJON Spørsmål og kommentarer fra salen.

SKRÅBLIKK

Møteleder: Wencke Sissel Olsen, nestleder i FKT

14.15 – 14.45	Med skråblikk på kommunesektoren Siri Gedde-Dahl - Journalist i Aftenposten. - Var bl.a. med på avsløring av korrupsjon ved Nedre Romerike vannverk.
14.45 – 14.50	Avslutning av konferansen. Per Rune Vereide Leder i FKT

MÅLGRUPPE FOR KONFERANSEN

Kontrollutvalgsmedlemmer og ansatte i kontrollutvalgssekretariatene. Alle som er opptatt og interessert i kontroll og tilsynsarbeid i offentlig sektor.

PRAKTISK INFORMASJON

- ☐ Konferansehotell: Clarion Hotel Oslo Airport, Gardermoen (Tlf. 63949494)
- ☐ Adresse: Hans Gaarderveg 15, 2060 Gardermoen
- Grå buss fra flyplass til hotell ca. 3 ganger pr. time fra pkt. B25, overfor taxiholdeplassen.
- Gratis parkering. Kontakt resepsjon eller konferansebord for bevis.

INFORMASJON OM ÅRSMØTE

- ☐ Årsmøtet er kun for medlemmer i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)
- ☐ Medlemmer som har saker til årsmøtet, eller forslag om vedtektsendringer, må sende disse til sekretariatet innen 6 uker før årsmøtet, altså innen 24. april -13.
- FKT's handlingsplan 2014 er en av sakene som spesielt ønskes innspill til innen 24. april -13.
- ☐ Styret sender ut sakspapirene innen 2 uker før årsmøtet, altså innen 22. mai -13.
- ☐ Dersom din kommune / ditt sekretariat ikke er medlem i FKT, men ønsker å møte på årsmøtet med stemmerett, må innmelding skje innen 22. mai -13.
- ☐ Leder i valgkomiteen: Einar Ulla, KUV-sekretariatet i Sogn- og Fjordane fylkeskommune. Kan kontaktes på mobil 97190734 eller e-post einar.ulla@sfi.no
- ☐ Ønske om mer info / bli medlem i FKT? Se hjemmesiden www.fkt.no eller kontakt sekretariatet.

Kontaktinfo til sekretariat:

Tlf: Hogue Haktorsen tlf: 55 23 94 53 / 91 10 59 82 / Roald Breistein: 55 23 94 47 / 97 50 51 52

E-postadresse: fkt@fkt.no

DELTAGERAVGIFT

FKT har reservert rom på konferansehotellet. Tildeling ut fra mottatt påmelding (først til mølla).

Deltagelse med overnatting: Kr. 5.400,- (Ikke medlem kr. 5.800,-)

Deltagelse uten overnatting, sosialt arr. & middag: Kr. 4.300,- (Ikke medlem kr. 4.700,-)

Ekstra overnatting 4 – 5. juni 2013 Kr. 1.300,-

PÅMELDING

- ☐ Påmelding via FKT sin hjemmeside www.fkt.no
- ☐ Bindende påmelding, **innen 18. april 2013.**
- ☐ Ved avbud etter at påmeldingsfristen har gått ut, blir det belastet et administrasjonsgebyr på kr. 500,- + FKT sine eventuelle kostnader til hotellet. Avbud siste 14 dager før konferansen gir full deltageravgift.

09/13 VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 19.03.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	09.04.2013	09/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

- Oppdragsansvarleg revisor si vurdering av uavhengigheit med vedlegg, datert 09. januar 2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Bremanger kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 09. januar 2013 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Viser til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

Saksopplysningar:

Terje Førde, oppdragsansvarleg revisor for Bremanger kommune, har i brev datert 09.01.13 gjeve ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert si uavhengighet med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i eigenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t uavhengighet og objektivitet overfor Bremanger kommune.

*Til Kontrollutvalet
i Bremanger kommune*

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Revplan 2013\
Erklæring2013Bremanger

Arkivkode:

216&30

Journalnr.:

002 / 2013

Dokumentdato:

9. januar 2013

VURDERING AV UAVHENGIGHEIT BREMANGER KOMMUNE

Innleiing:

Bremanger kommune sin revisor er *Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord*; etablert som eit interkommunalt revisjonssamarbeid, organisert etter KommuneLOVA § 27, med tilhøyrande samarbeidsavtale og vedtekter. I det daglege nyttar ein forkortinga KRYSS Revisjon. I følgje forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun *oppdragsansvarlege* revisorar som *plikter* å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor, og dei øvrige revisorar som har befatning med oppdraget, vil ha uarbeida sine særskilde, skriftlege eigenvurderingar, og desse vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet.

Både KommuneLOVA (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærare beskrivne nedanfor.

Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. KommuneLOVA § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

I tillegg stiller lova, § 79, og revisjonsforskrifta, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine egne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver
7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor:

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<i>Underteikna stadfestar at det for tida ikkje vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i> <i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i> <i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikke revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i>

Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontroll-oppgåver (intern kontroll, m.v.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontroll-oppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptrer som fullmektig for Bremanger kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særegne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor Bremanger kommune.</i>

Revisjonssjef forvaltning, *Charles Litsheim*, og operasjonell/utøvande revisor overfor Bremanger kommune, *Trine Vokuhl*, har begge avgjeve særskilde uavhengigheitserklæringar for 2013, som vert sendt over til kommunen sitt Kontrollutval saman med denne uavhengigheitserklæringa frå dagleg leiar/revisjonssjefen i KRYSS Revisjon.

Praksis er ein årleg gjennomgang og internvurderingar av alle forhold som knytter seg til eitkvart oppdrag som sorterer inn under kommunen. Praksis er også at desse dokumenta er undergjeve *ekstern kvalitetskontroll frå ekstern kontrollmyndigheit*, og at dokumenta også blir lagt fram årleg til realitetshandsaming i kommunen sitt Kontrollutval og Kommunestyre.

Erklæringane for 2013 avløyser erklæringane gjeve for driftsåret 2012, og er med dette lagt fram for oppdraget/kommunen i samsvar med revisjonsforskriftene for kommunal revisjon, § 15.

Førde den 9. januar 2013


 Kommune revisjonen
 Førde og Sunnfjord
 6801 Førde
 Terje Førde
 Dagleg leiar/Revisjonssjef

VEDLEGG:

Uavhengigheitserklæring, revisjonssjef forvaltning, Charles Litsheim d. 07.01.2013

Uavhengigheitserklæring operasjonell/utøvande revisor, Trine Vokuhl, d. 09.01.2013.

Kopi:

Bremanger kommune v/Rådmannen

Bremanger kommune, Kommunestyret v/Ordføraren

Til KRYSS-Revisjon
v/dagleg leiar Terje Førde
Postboks 487
6802 FØRDE

Kopi: Kontrollutvala

Dykkar ref.:	Vår ref. : Revplan 2013	Arkivkode : 216&30	Journalnr. : 004/2013	Dokumentdato: 07.01.2013
--------------	----------------------------	-----------------------	--------------------------	-----------------------------

Vurdering av uavhengigheit - Revisjonsplanen for Askvoll Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund kommune 2013

Innleiing:

I følge forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval. Slik uavhengigheitsvurdering ligg føre frå dagleg leiar/revisjonssjefen si side i skriv til Kontrollutvalet.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun oppdragsansvarlege revisorar som plikter å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor sin skriftlege eigenvurdering vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet, der også denne uttale frå utøvande revisor(ar) vil ligge ved.

Både KommuneLOVA (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærmare beskrive nedanfor.

Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. KommuneLOVA § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretekk revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

I tillegg stiller lova, § 79, og forskriften, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine eigne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver

7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor, når det gjeld utøvinga av revisjonsarbeid, m.v., overfor kommunane nemnt i overskrifta, evt. kommunale føretak innafor kommunane, og øvrige føretak/verksemdar tilknytta KRYSS Revisjon sin oppdrag overfor desse:

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekke tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekke tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	<i>Underteikna stadfester er at det for tida ikkje vert ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor kommunen som kjem i konflikt med denne bestemmelsen.</i> <i>Før slike tenester vert utført av KRYSS Revisjon, blir det gjort ei vurdering av rådgjevinga eller tenesta sin art i forhold til revisor sin uavhengigheit og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slik teneste kjem i konflikt med bestemmelsane i forskrifta § 14, skal revisor ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskilt.</i> <i>Revisor besvarer daglege spørsmål og henvendelsar som er å betrakte som veiledning og bistand i det løpande forvaltningsarbeidet i kommunen, og ikkje revisjon. Ordlyden i paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar.</i>
Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver (intern kontroll, m.v.)	<i>Underteikna stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester overfor kommunen som høyrer inn under kommunen sine egne leiaroppgåver og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna stadfester at korkje revisor eller KRYSS Revisjon for tida opptrer som fullmektig for kommunen eller nokon del av oppdraget.</i>

Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særegne forhold som er eigna til å svekke tilliten til min uavhengigheit og objektivitet overfor kommunen.</i>
-------------------------------	---

Førde den 07. januar 2013


Charles Litsheim
Revisjonssjef forvaltning

KEYSS REVISJON
Kommunerevisjon /
THE BLUE STAR OF NORWAY

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord – KRYSS Revisjon	Oppdragsnr.: 1438	Arkiv: 14.1.3
	År: 2013	Utarbeidet dato/sign.: 09.01.2013
Oppdrag: BREMANGER kommune		Gjennomgått dato/sign.: 09.01.2013
Sak: Vurdering av uavhengighet – Utøvande finansiell revisor sin eigenvurdering		

Hovudreferansar :

Kommunelova § 79

Revisjonsforskriftene Kap. 6

ISA 200 - Overordna mål for den uavhengige revisor og gjennomføringen av ein revisjon i samsvar med revisjonsstandardene pkt. 14

ISA 220 - Kvalitetskontroll av revisjon av rekneskapar pkt 11

ISA 300 - Planlegging av revisjon av eit regnskap pkt. 7

Standard for forvaltningsrevisjon RSK 001 pkt. 8

Pkt 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i KRYSS Revisjon.</i>
Pkt 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko av verksemdene som som Bremanger kommune er eigar, medeigar eller deltakar i.</i>
Pkt 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i eller innehar heller ikkje funksjonar i annan verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til Bremanger kommune som har betydning for uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt 5: Rådgjevingstenester eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet	Før slike tenester blir utført blir det føreteke ei vurdering av rådgjevinga eller tenestene sin art og omfang i forhold til revisor sin uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utøvinga av slike tenester kjem i konflikt med bestemmelsane i forskriftene § 14, skal revisor ikkje påta seg eller utføre tenesta. Kvart einskilde, konkrete tilfelle vert vurdert særskilt. Revisor besvarer løpande spørsmål/henvendingar som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Paragrafen seier at også slike veiledningar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor sine seinare revisjons- og kontrollvurderingar. <i>Underteikna har ikkje ytt rådgjevingstenester eller andre tenester overfor Bremanger kommune som kjem i konflikt med desse bestemmelsane.</i>

Pkt 6: Tenester under kommunen sine egne interne leiings- og kontrolloppgaver	<i>Underteikna har ikkje ytt tenester overfor Bremanger kommune som høyrer inn under kommunen sine egne, interne leiingsoppgaver, kontrolloppgaver eller administrativt kontrollansvar.</i>
Pkt 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Underteikna opptrer ikkje som fullmektig for Bremanger kommune.</i>
Pkt 8: Andre særeigne forhold	<i>Underteikna kjenner ikkje til andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til uavhengigheit og objektivitet.</i>

Florø den 9. januar 2013

KRYSS Revisjon

 **KRYSS REVISJON**
KOMMUNEREVISJONEN I
FIRE SOGN OG SUNNFJORD

Trine Vokuhl

Kommunerevisor I

010/13 OPPFØLGING FORVALTINGSREVISJONSRAPPORT – SJØLVKOSTBEREKNINGAR PÅ VAR-SEKTOREN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 19.03.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	09.03.2013	010/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Revisjonsrapport: "Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren", datert 03.10.2011.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Vedtak i kontrollutvalet - Forvaltningsrevisjonsprosjekt – "Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren – Bremanger kommune.

Vedtak kommunestyresak 010/12- Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren, den 19.01.2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- SEKOM-sekretariat får i oppgåve å skrive brev til rådmannen og be om hans svar på kva som er gjort av administrasjonen for å følgje opp kommunestyrevedtak 029/12- Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren», den 19.01.2012.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

OPPFØLGING FORVALTINGSREVISJONSRAPPORT – SJØLVKOSTBEREKNINGAR PÅ VAR-SEKTOREN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak etter gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjekt «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren», den 19.01.2012.

Saksopplysningar:

Etter § 12 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004 skal kontrollutvalet sjå til at kommunestyrevedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgt opp. Vidare skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret korleis kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapportar har blitt følgt opp.

Rapport for forvaltningsrevisjonsprosjektet «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren», vart lagt fram for kontrollutvalet den 14.11.2011. Kommunestyret handsama rapporten i sak 010/12 ” Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren ” i møte 19.01.2012, og gjorde følgjande vedtak:

- *Kommunestyret viser til forvaltningsrapport - ”Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren”, datert 03.10.2011.*
- *Kommunestyret ber administrasjonen å føre alle relevante kostnader inn i sjølvkostrekneskapen.*
- *Kommunestyret ber administrasjonen om å nytte H-2140 som rettesnor for arbeidet med rutinar for sjølvkostområdet.*
- *Kommunestyret ber administrasjonen om å leggje fram sak til kommunestyret om inndeckingsgrada på sjølvkostområdet.*

Det vert vist til rapporten, som ligg ved, for nærare informasjon om funn, vurderingar, konklusjonar og tilrådingar.

Kommunestyret har gjort konkret vedtak i saka. Kontrollutvalet skal, som nemnt, sjå til at vedtaket er følgt opp av administrasjonen. Kontrollutvalet skal også rapportere tilbake til kommunestyret kva som er gjort i høve til merknadane dei hadde til rapporten.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet vurderer det slik at ein bør be administrasjonen om ei tilbakemelding på kva som er gjort i høve til kommunestyrevedtaket.

FORVALTNINGS- REVISJONS- PROSJEKT

Bremanger Kommune
”Sjølvcostberekningar på VAR-sektoren ”

Endeleg rapport levert den: 03.10.2011

1 INNLEIING

Nedanfor er dei *tilrådingane* som er gjort i denne forvaltningsrevisjonsrapporten dregne ut og presentert samla.

Der det er laga konklusjonar, er desse presenterte kapittelvist.

1.1 Tilrådingar i rapporten – oppsummert:

Problemstilling 1: Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med tilrådinga eller norm som vert nytta i andre kommunar. Sjå spesielt på nivået som referer seg til "administrativ" tid/kostnad. Samsvarar denne tida/kostnaden med verkeleg medgått tid/kostnad ?	
Kapitteloverskrift	Konklusjon
7.2 Konklusjonar og tilrådingar Sjå side 12	Nøklane som skal ligge til grunn for fordeling av interne tenester i VA er ikkje etablert i Bremanger kommune. Fordelinga av interntenester er jf kommunen bygd på skjønn. Det er ikkje framlagt dokumentasjon på kva skjønn er bygd på. Vi kan difor korkje stadfeste eller avkrefte om skjønn er i samsvar med anbefalingane i H – 2140 og om dei gjev eit rett bilde på kva dei faktiske kostnadane i sjølvkostområda er.
	Tilråding
	Vi rår kommunen så langt det er praktisk forsvarleg å føre alle kjende kostnader inn i sjølvkostrekneskapen. Vi rår kommunen til å nytte H -2140 som rettesnor i arbeidet med nye rutinar for sjølvkostområdet. Dersom det ikkje føreligg politisk vedtak på inndeckingsgraden innforbi sjølvkostområda, rår vi kommunen til å få det politisk avklara i form av eit prinsipielt vedtak i kommunestyret.
Problemstilling 2: Vert mindreforbruk overført bundne fond, og vert fondsmidlane nytta innan tidsfristar som gjeld ?	
Kapitteloverskrift	Konklusjon
8.2 Konklusjonar og tilrådingar Sjå side 14	Bremanger kommune har gjennom fleire år ikkje hatt saldoar på sjølvkostfonda i rekneskapen. Kommune har for 2010 rekneskapen lagt fram etterkalkulasjon på sjølvkostområdet, og har derigjennom avsett kr 170 000,- til sjølvkostfond – avlaup. Det kan stillast spørsmål til om kostnadane i sjølvkostrekneskapen og då følgjeleg sjølvkostfonda er korrekt, all den tid det ikkje finst dokumenterte fordelingsnøklar på interntenestene i tillegg til at det manglar eit fullstendig rutinesett for sjølvkostområdet.
	Tilråding
Problemstilling 3: : Er det særtariffar/gebyrsatsar for einskilde personar eller verksemdar ?	
	Konklusjon
9.1 Konklusjonar og tilrådingar Sjå side 14	Det er ikkje vedteke eigne tariffar eller gebyrsatsar for einskildpersonar eller grupper i Bremanger kommune.
	Tilråding
Problemstilling 4: Vert utfakturerings gjort i samsvar med gjeldande rutiner for utfakturerings av gebyr ?	
10.2 konklusjon. Sjå side 16	Konklusjon
	Utfakturerings av kommunale krav vert gjennomført ei til to veker seinare enn datoane for fakturerings i arbeidsboka for økonomikontoret.

1.2 Definisjonar av ord og uttrykk nytta i rapporten:

- ❖ VAR. Er forkorta av orda Vatn, Avlaup og Renovasjon
- ❖ Indirekte kostnader. Samanslege omgrep som femnar H- 2140 sine omgrep: støttefunksjonar og tilleggsytingar.
- ❖ Alternativkostnad tyder det same som kalkulatoriske renter. Kalkulatoriske renter nyttast i sjølvkostrekneskapen som eit uttrykk for finansiell kostnad.

Tidsavgrensing: Kontrollen skal avgrensast til rekneskapsåret 2010, og budsjettgrunnlaget for 2011 i følgje tingsingsdokumentet og seinare avklaringar.

3.2.2 Presisering av vår oppdragsforståing

Slik vi forstår tinginga frå kontrollutvalet er det ikkje bedt om ei totalvurdering av Bremanger kommune si praktisering av sjølvkostprinsippet. Oppdraget tar for seg konkrete delar av gebyrgrunnlaget og gjev klåre føringar på kva som skal reviderast. Vår rapport vil difor ikkje jf tinginga gje ein fullgod gjennomgang av Bremanger kommune si totalpraktisering av reglane og retningslinene styrande for sjølvkosttenestene. Meir presist tyder det at vi ikkje vil gjere revisjonsarbeid som elles vert utført i den ordinære rekneskapsrevisjonen. I vårt arbeid vil vi difor bruke det talmaterialet som er revidert .

Då renovasjonsarbeidet i sin heilskap er overført til eit interkommunalt renovasjonsselskap¹, med eigen vald revisor, går vi ut frå at vi kan direkte nytte rekneskapsstala på renovasjon i vårt arbeid. Vi vil følgjeleg då ikkje gjere revisjonsarbeid retta mot NOMIL.

3.3 Revisjonen sine vurderingar av tingsingsdokumentet

3.3.1 Metodiske implikasjonar ved og tolking av problemstillingane

Ordlyden i problemstilling 1 er slik:

” Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med gjeldande tilrådingar eller norm ?

Slik vi forstår tinginga, meiner kontrollutvalet med indirekte kostnader dei kostnader som ikkje ein finn direkte på rekneskapskontoane for vatn, avlaup og renovasjon i drifta eksklusiv avskrivningar og kalkulatoriske renter. Vi føreset difor at vi kan nærare operasjonalisere omgrepet innforbi dei områda som er synleggjort i ”Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester H - 2140.”

4 REVISJONSKJELDER OG -KRITERIUM

4.1 Generelt om revisjonskjelder og revisjonskriterium

KRYSS- Revisjon har nytta anerkjende metodar for forvaltningsrevisjon i arbeidet med dette forvaltningsrevisjonsprosjektet. Dei anerkjende metodane er å finne i RSK 001, og fagartiklar med utgangspunkt i denne standarden. I RSK'en heiter det mellom anna:

- ❖ I RSK 001, punkt 27, er dei – generelt – viktigaste **kjeldene** for aktuelle revisjonskriterium ved forvaltningsrevisjonar lista opp, og her blir nemnt mellom anna: Lover, forskrifter, forarbeid, rettspraksis, politiske vedtak, mål og føringar, administrative retningslinjer m.v. I mange tilfelle vil ”beste praksis” også kunne fungere som eit revisjonskriterium.
- ❖ RSK 001, punkt 25 seier at **revisjonskriteria** er dei *krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal reviderast/vurderast i forhold til*. Revisjonskriteria skildrar altså korleis det som blir undersøkt, *bør* fungere eller være. Revisjonskriteria dannar såleis eit målegrunnlag som relevante faktiske tilhøve innafor området problemstillinga dekkjer, vert vurdert og målt mot, for å kunne trekkje konklusjonar basert på funna i revisjonen.
- ❖ Desse revisjonskriteria skal vere *grunngeve i, eller utleia av, autoritative kjelder* innanfor det reviderte området, jf RSK 001, pkt 26.

4.2 Revisjonskjelder og -kriterium i dette prosjektet

Dei mest relevante rettsreglane innan tenester som vert omfatta av omgrepet sjølvkost er å finne i:

¹ Nordfjord Miljøverk IKS forkorta NOMIL

Problemstilling:	Ordlyd:	Revisjonskriterium:
Nr 1:	Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med gjeldande tilrådingar eller norm ?	Sjå H-2140 "Retningslinjer for berekning av selvkost for kommunale betalingstjenester" kapittel 3.2 tilleggssytelser og støttefunksjoner (interntjenester).
Nr 2:	Vert mindreforbruk overført bundne fond, og vert fondsmidlane nytta innan tidsfristar som gjeld ?	Kommunale rekneskapsforskrifter og H-2140 kapittel 5 "Praktisering av selvkostprinsippet – Behandling av overskudd eller underskudd i selvkostregnskapet – bruk av fond side 29 og utover.
Nr 3	Er det særtariffar/gebyrsatsar for einskilde personar eller verksemdar ?	Kommunen sitt gebyrregulativ/prisliste
Nr 4:	Vert utfaktureringsgjort i samsvar med gjeldande rutiner for utfaktureringsgjort av gebyr ?	Lokale rutiner i arbeidsbok økonomiavdeling, punkt 6.0 "Faste rutinar"

Tabell 1: Problemstillinger i forvaltningsrevisjonen og nytta revisjonskriterium.

5 METODE

Vi føreset i vårt arbeid med denne revisjonen at vi har fått tilgang til relevant dokumentasjon, og at dokumentasjonen som elles er stilt til rådvelde frå kommunen er komplett og dekkjande.

Meir spesifikt har vi nytta dokumentanalyse, analyse av økonomi- og personaldata, samtalar med m.a. teknisk sjef, einingsleiar rekneskap og rådmann.

6 ADMINISTRATIV ORGANISERING

Bremanger kommune er administrativt organisert etter tilpassa versjon av "flat struktur"² med ein rådmann og to kommunalsjefar. Direkte underlagt rådmannen finn ein stabsfunksjonane: Løn og personal, økonomi, plan og IKT og Servicekontoret. På nivået under kommunalsjefane er driftssjefane som leiar tenesteeiningane i Bremanger kommune.

7 PROBLEMSTILLING 1: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR

Problemstilling 1 lyder slik:

"Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med tilrådinga eller norm ?"

7.1 Presisering

Problemstillinga slik ho står må avklarast i høve dei faktorane og begrepa som vert nytta i H- 2140. Vi vel å avgrense og operasjonalisere desse omgrepa i tinginga.

² Flat struktur er ikkje eit klårt og eintydig omgrep, men oppfattast som ein organisering der det ikkje er leiarnivåer mellom rådmannen og leiar for tenesteeining. Denne modellen vert også omtalt som ein 2-nivå modell. Opedal, Stigen og Laudal (2002) rapporterer at uttrykket "flat struktur" også brukes om modeller med 2,5 og 3 ledernivåer ute i kommunane. Sjå NIBR-rapport 2002:21 "Flat struktur og resultatenheter: utfordringer og strategier for kommunal ledelse"

7.1.5 Reinhold/straum teknisk etat

Andel av utgiftene fordelt etter skjønn.

7.1.6 Bedriftshelseteneste

Bedriftshelseteneste er med i gebyrgrunnlaget for 2010. Fordelinga er gjort etter skjønn.

7.1.7 Juridisk bistand

Er medteke i gebyrgrunnlaget for 2010 på Vatn. Fordelingsnøkkel er basert på skjønn.

7.1.8 Bygningsdrift

Desse kostnadane var med i etterkalkulasjonen gjort på avlaup i 2009. Dei var også medteke i gebyrgrunnlag og etterkalkulasjon gjort på vatn i 2009. For 2010 er desse kostnadane ikkje medteke i gebyrgrunnlaget for interne tenester. I fylgje samla oversikt frå teknisk er desse kostnadane no direkteført mot konto 1.902xx Interne serviceeiningar bygg og då vidarefordelt som direkte driftskostnad på tenestene.

7.1.9 Revisjon

Vert fordelt sjølvkostområda etter skjønn.

7.1.10 Drift av fellestenester

Vert fordelt etter skjønn.

7.2 Andre opplysningar i dokumentasjonen motteke frå Bremanger kommune.

I oversendt materiale frå kommunen er det mellom anna vedlagt kopi av rekneskapsnote 20 "Sjølvkostområder " for 2010, og delar av "Kvalitetshandbok for VA – verksemda .

I note 20 vert det synt til at etterkalkulasjon på sjølvkostområda syner nokre område med overdekning (dvs over 100 %) medan andre område har underdekning. Det føreligg ingen indikasjonar i revisor si revisjonsmelding på at det er vesentlege feil i denne noteopplysninga. Revisor syner i si revisjonsmelding under sin fyrste presisering for 2010 til at det vil verte gjort ein forvaltningsrevisjon der etterkalkulasjonen på sjølvkostområda er eit tema. Vi syner i så måte til at det i tinginga er presisert at fordelingsnøkklane for interne tenester er hovudtema.

I "kvalitetshandbok for VA – verksemda i Bremanger kommune" punkt 7 "Rapportering, informasjon og kundehandsaming" sist endra 01.10.2008, framgår det kven som har ansvaret for kva i spørsmål som gjeld kundeoppfølging, abonnentregister og gebyra i VA – sektoren. I prosedyrane vert dei ansvarshavande identifisert med stilling og eining. Dokumentasjonen inneheld også sakspapira til sak nr 079/09 "Ny gebyrforskrift for vatn og avlaup", og sakspapira til sakene om vassgebyr 2009 og gebyr innan teknisk for 2010.

Vårt arbeid og mandat inneber at vi skal vurdere lista praksis opp mot rettleiaren som vi har definert som vår viktigaste revisjonsskjelde.

Viktig å merke seg er at berre lov om forureining set som vilkår at forureinar skal betale fullt ut for arbeidet med å handtere avfallet. Ingen av dei andre lovene har krav om at brukar skal dekke kostnadene med tenesta fullt ut. I desse tenestene er sjølvkost taket på kor store gebyra kan vere. I kva grad ordningane med vass- og kloakkavgift skal vere sjølvfinansierande må difor avgjerast av kommunestyret gjennom vedtak.

Vi presenterar nedanfor ein tabellarisk oversikt over moglege utgiftstypar som kan inngå i eit sjølvkostrekneskap og faktiske kostnader ført i sjølvkostrekneskapen i Bremanger kommune.

Funn:

- ❖ Bremanger kommune har ikkje framlagt dokumentasjon på korleis og kva som no ligg bak det skjønnet som ligg til grunn for fordeling av interne tenester.
- ❖ Fordelingsnøkklane er ikkje dokumentert jf retningslinene for sjølvkost (H – 2140) anna enn skjønnet.
- ❖ Bremanger kommune har ikkje medteke utgifter på IKT i sitt sjølvkostrekneskap.

7.4 Vurderingar og konklusjonar

I tabellen går det fram at fordelingsnøkklane som vert nytta på interntenestene i stor grad baserer seg på skjønnet. Slike nøklar er naturleg nok vanskelege for oss å ha heilt klåre oppfatningar om, da det ikkje er lagt fram dokumentasjon som underbyggjer skjønnet. Vår oppfatning er difor at praksis for fordeling av interntenester er mangelfull. Syner til H – 2140 punkt 3.2.2 side 14 til 17.

I dokument og samtaler med teknisk sjef går det fram at det i si tid var ein fordelingsnøkkel på nokre av dei interntenestene. Den gjaldt for revisjon, husleige, straum og reinhald. Nøkkelen var basert på ein prosentfordeling der teknisk seksjon sin bruk av rådhuset vart rekna mot totalt areal. Denne nøkkelen er ikkje nytta aktivt, då han pr i dag ikkje speglar dagens kommuneorganisasjon, tal tilsette eller einingane sine faktiske bruk av rådhuset.

Prinsippielt sett er det slik vi ser det på sin plass å kunne krevje at kommunen har eit dokumenterbart grunnlag for sine skjønnet. Det er gjennomgåande streka under i retningslinene at fordelingsnøkklane så langt råd bør kunne etterprovast og dokumenterast.

Lovverket⁴ som sjølvkosttenestene har sine juridiske forankringar i, er klåre på at det skal reknast sjølvkost på kommunal renovasjon, og at for dei andre tenestene setter lovverket sjølvkost som øvre grense. Som det går fram av H - 2140 på side 13 og 14 i vert det tilrådd at ein bør søke å nytte fordelingsnøklar som kan direkte etterprovast i form av kjente storleikar som til dømes, omsetning, areal, timeregistrering på aktivitetar, tal transaksjonar osv.

Kvaliteten på innhenta dokument frå kommunen

I arbeidet med denne rapporten har vi i tråd med standarden for forvaltningsrevisjon innhenta skriftlege dokument som grunnlag for å skildre fakta. Etter vårt syn er nokre av desse dokumenta ikkje innbyrdes konsistent. I grunnlagsdokumentasjonen for gebyrgrunnlaget for 2010 for vatn og avlaup er det liner i tabellane som syner indirekte og direkte kapitalkostnader. Det er etter retningslinene i H-2140 ingenting som heiter indirekte kapitalkostnader. I samtale med teknisk sjef vert det stadfesta at dette er villeiande og feil. Rett nok står det kr 0,-, og får soleis ikkje verknad på gebyrgrunnlaget, men det er slik vi ser det like fullt forvirrande og gjer kontrollarbeidet meir uoversiktleg.

I same tabell har ein ei line som heiter "Oppbygging av investeringsfond" der det er sett opp ein kostnad på kr 250 000.- Det er ikkje gjeve forklaring til kva som ligg i denne summen. Det er uansett i strid med reglane og intensjonen i H- 2140 å bygge opp investeringsfond gjennom dei årlege gebyra. Viser til H- 2140 side 18 der det står: *"Innenfor vann og avløp har enkelte kommuner praktisert en ordning der vesentlige deler av årets investeringar blir investert direkte av gebyrinntekter. Dette strider mot prinsippene om tidsriktighet og kostnadsriktighet som selvkostberegningene baseres på. Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen, Inst. S. Nr. 103 (2001 – 2002) slo Stortinget fast at årlige kapitalkostnader som brukes til berekning av vann- og avløpsgebyrer i kommunene skal baseres på anleggenes levetid og kalkulert rente, og ikke finansielle utgifter. En slik "direktefinansiering" av investeringar som enkelte kommuner praktiserer er i strid med regelverket."*

⁴ Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974, Forurensingsloven, Brannvernloven Kart- og delingsloven, Plan- og bygningsloven

kontrollert om sjølvkostfonda, som i rekneskapsterminologi er bundne driftsfond, vert utlikna over ein tre- til femårsperiode i samsvar med rekneskapsreglane for sjølvkostrekneskap. Vi gjer for ordens skuld merksam på at sjølvkostfondet for renovasjon er registrert i balansen til NOMIL, som er kommunen sin renovasjonsselskap organisert som eit IKS.

Rekneskapsåret 2010.

Frå revisjonen av årsrekneskapen 2010 har vi tatt i betraktning rekneskapsrevisor sine vurderingar som gjeld sjølvkostfonda.

Funn:

- ❖ Ved gjennomgang av utgåande balanse (31.12.2010) konto for avlaupsfond konstaterar vi at det utanom avsetninga på kr. 170 000,- til avlaup ikkje er saldoar på dei andre moglege sjølvkostområda.
- ❖ På dei andre moglege sjølvkostområda i balansen (vatn, renovasjon jf her NOMIL⁵, plan- og byggjesakshandsaming, feiing, kart og delingsforretningar evt andre områder der sjølvkost kan vere aktuelt) er det ikkje saldoar i det heile.

Ein logisk slutning av at det ikkje har vore avsetningar til- og då seinare bruk av sjølvkostfond, er at Bremanger kommune har drive sjølvkosttenestene sine til sjølvkost i alle føregåande år. Reint rekneskapsteknisk er desse rekneskapspåstandane verifisert gjennom revisor sine kontrollar uttrykt i revisjonsmeldingane til årsrekneskapen. Kommunen har lagt fram etterkalkulasjon på sjølvkostområda, og gjort dei handlingane som regelverket krev i høve resultat på sjølvkostområdet.

I eit utida perspektiv som revisjonen tar i denne forvaltningsrevisjonen, er det likevel nokre fakta som må framhevast i høve dei reint rekneskapstekniske konklusjonane gjort av rekneskapsrevisorane: Vi har i problemstilling 1 fastslege at det ikkje finst dokumenterte fordelingsnøklar på dei kostnadane som er kategorisert som tilleggsytningar og støttefunksjonar. Vi har også vist til at det er manglande skriftlege rutiner på mange av dei prosessane som ligg til grunn for faktisk arbeid med sjølvkostområda.

Reint faktisk kan ikkje kommunen dokumentere om dei driv sjølvkosttenestene til sjølvkost, om det er underdekning eller om dei faktisk driv med overskot. Denne usikkerheita kring dei meir underliggjande fundamenta i sjølvkostmodellen til Bremanger kommune er no tatt tak i av administrasjonen.

I ein e-post til oss datert 05.05.2011, skriv teknisk sjef at det er nedsett ei arbeidsgruppe som skal arbeide fram ein mal for berekning av gebyrgrunnlaget for sjølvkost som skal baserast på H – 2140 : *Retningslinjer for berekning av selvkost for kommunale betalingstjeneste*. Det vert i same e-post også understreka at arbeidet i gruppa skal gjerast etter ein dokumentert prosedyre som skal inngå som ein del av kommunen sitt kvalitetssikringssystem.

8.2 Vurderingar og konklusjonar

Etter vår vurdering er det grunn til å stille spørsmål ved om mangelen på dokumenterte rutiner i sjølvkost kan ha resultateffekt på sjølvkostrekneskapen og då følgjeleg sjølvkostfonda. Slik vi ser det er fråværet av dokumentasjon i dei underbyggjande føresetnadane i Bremanger kommune sin sjølvkostmodell ei klår svekking av truverdet i sjølvkostrekneskapen. Dette inntrykket vert delvis stadfesta av administrasjonen sjølv, i og med at dei manglar skriftlege rutiner på området. Det er etter vårt syn også underbyggjande for våre vurderingar at kommunen sjølv er i ferd med å gjere ein eigen revisjon av sine egne rutiner på området.

⁵ NOMIL IKS er det interkommunale renovasjonsselskapet der ein av eigarane er Bremanger kommune.

10.1 Fakta

Kriterier

Reglane for gebyrgrunnlaget og rutinene som styrer utfakturering i Bremanger kommune er å finne i fleire styringsdokument. Vi vil her syne til dei dokument som gjeld og som er relevant for å svare på problemstillinga.

Vedtaket i kommunestyresak 079/09 "Ny gebyrforskrift for vatn og avlaup". Vidare er rutinane for Kvalitetshandboka for VA – verksemda i Bremanger kommune under overskrift "B. Prosedyrar" punkt 7.2. Kundeoppfølging / abonnentregister / VA-gebyr underpunkt 6 "Innkrevjing av gebyr" Arbeidsbok for økonomikontoret.

Fakturering av kommunale avgifter

I fylgje arbeidsboka for økonomikontoret skal utfakturering av kommunale avgifter skje den 15.03 og 15.09 jf punkt 6.0 Faste rutinar – fristar. For å undersøkje om denne rutina vert etterlevd i praksis, fekk vi utkøyrte 4 tilfeldig valde fakturaer for september 2010 og mars 2011.

Fakturadato på dei kontrollerte fakturaene syner at fakturadato er 22.09 og 30.03, medan arbeidsboka for økonomikontoret seier at faktureringa skal skje den 15.03 og 15.09.

Som ein sideordna undersøking i høve problemstillinga såg vi det som nyttig å informere om effektiviteten i innkrevjinga, i rapporten her avgrensa til status på restansar eldre enn 90 dagar.

Funn

- ❖ Det er på kontrolltidspunktet samla restanse ut over 90 dagar på til saman kr. 1 366 212,-

I og med at det ikkje er med i revisjonsmandatet i denne tinginga, har vi ikkje gjort vidare analyser av kvifor det er over 1,3 mill kr i restansar eldre enn 90 dagar og eventuelt kva følgjer det har.

10.2 Vurderingar og konklusjonar

I høve arbeidsboka for økonomikontoret skjer fakturakøyringa om lag 14 dagar seinare enn dei skildra rutinene. Kvifor det er slik har vi ikkje gått nærare inn på i denne forvaltningsrevisjonen. Uansett årsak er det etter vårt syn betre å lage rutiner som innehar ein viss fleksibilitet i forhold til kva tid køyringa skjer/skal skje. I og med at alle kundane vert fakturert på same køyring vert det ikkje forskjellshandsaming på kundane. Det er difor etter vår oppfatning difor eit mindre vesentleg avvik vi har funne i datagrunnlaget. Slik vi vurderer det vert utfaktureringa av kommunale krav gjennomført i samsvar med rutinene for økonomikontoret. Herunder er det i rutinene gjeve arbeidsinstruksar som skildrar ansvarsområde for dei tilsette.

Når det gjeld faktureringa elles, så vert denne revidert og nærare kontrollert i den ordinære rekneskapsrevisjonen.

Konklusjon

Utfakturering av kommunale krav vert gjennomført ei til to veker seinare enn datoane for fakturering i arbeidsboka for økonomikontoret.

Førde 03.10.2011



Charles Litsheim

Rev.sjef forvaltning

Punkt 8.2 s 14:

Revisjonen stiller spørsmål ved om mangelen på skriftlege rutinar innan sjølvkostutrekninga kan ha resultateffekt på sjølvkostrekneskapen, at truverdet i sjølvkostrekneskapen er svekka på grunn av fråver av dokumentasjon, og at kommunen underbyggjer dette ved at vi er i ferd med å gjere ein revisjon av eigne rutinar på området. Vi meiner at det skjønnest som er lagt til grunn for utrekning av indirekte kostnader (støttefunksjonar og tilleggfunksjonar) i sjølvkostutrekningane gjev like riktig resultat som det ein vil få med ein modell basert på talet på stillingar/bilag/areal, og at det gebyrgrunnlaget vi har brukt er så riktig som råd og det er ikkje vesentlege endringar ved bruk av den nye malen. Grunnen til at vi har utarbeidd ny prosedyre er at vi ser behovet for meir dokumentasjon og betre brukbarheit av utrekningsmalen for å gjere arbeidet mindre personavhengig.

Med helsing

Tom Joensen
rådmann

Kopi:
Økonomisjef
Teknisk sjef

12 REFERANSAR

Lovverk	Andre kjelder nytta i arbeidet med revisjonen.
Vass og kloakkavgiftslova	Forurensingsforskrifta særleg kap. 16
Retningslinjer utgjeve av Kommunal- og regionaldepartementet, Kommunalavdelinga, januar 2003	H – 2140 "Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester"
Forurensingsloven	Grunnlagsdata nytta i arbeidet med å produsere sjølvkostrekneskap i Bremanger kommune
Kommunelova	Rutineskildringar og kommunestyrevedtak med relevans for dette forvaltningsrevisjonsprosjektet.
	E-postkorrespondanse og brev i revisjonsperioden mellom kommuneadministrasjonen og revisor

011/13 ORIENTERING – OM FYLKESMANNEN SITT TILSYN MED BARNEHAGANE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 08.04.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	15.04.2014	011/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

- Fylkesmannen sin tilsynsrapport etter tilsyn etter barnehagelova den 28.06.2012
- E-post frå kommunalsjef oppvekst Gunnar Skjølberg – «Tilsynsrapportar Fylkesmannen», datert 26. mars 2013

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- E-post frå kontrollutvalet «Tilsynsrapport Fylkesmannen» 24.10.2012
- E-post frå kontrollutvalet «Tilsynsrapport Fylkesmannen» 29.11.2012
- E-post frå kontrollutvalet «Tilsynsrapport Fylkesmannen» 18.03.2013
- Kontrollutvalsak 006/13 «Oppfølgingsliste 1-2013 og merknadar – Bremanger»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet utset saka då kontrollutvalet har motteke ei skriftleg orientering i saka frå kommunen.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

ORIENTERING – OM FYLKESMANNEN SITT TILSYN MED BARNEHAGANE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Orientering om Fylkesmannen sin tilsynsrapport etter tilsyn etter barnehagelova den 16.05.2012 og tilsvaret til rapporten til Fylkesmannen frå Bremanger kommune.

Saksopplysningar:

Den 16.05.2012 hadde Fylkesmannen i Sogn og Fjordane tilsyn med barnehagane i Bremanger kommune.

I rapporten frå Fylkesmannen den 28.06.2012 går det fram at det vart avdekka eit avvik under tilsynet.

Avvik 1

«Bremanger kommune har ikkje godkjent barnehagane i tråd med krav i barnehagelova»

Fylkesmannen har i samråd med Bremanger kommune sett frist for lukking av avviket i rapporten til den 19.10.2012.

Administrasjonen i Bremanger kommune er kalla inn for å gi ei kort orientering om Fylkesmannen sitt tilsyn og tilsvaret til avviket som vart avdekka i rapporten.

Den 26. mars 2013 mottok kontrollutvalet e-post frå kommunalsjef oppvekst Gunnar Skjølberg med ei skriftleg orientering som saka.

Rapporten er vedlagt.

Sekretariatet sine vurderingar:



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Bodhild Therese Cirotzki
Telefon:
E-post: fmsfboc@fylkesmannen.no

Vår dato
28.06.2012
Dykkar dato

Vår referanse
2012/800 - 611
Dykkar referanse

Bremanger kommune
Postboks 104
6721 Svelgen

Tilsyn med Bremanger kommune - rapport

Vedlagt følgjer tilsynsrapport etter tilsyn 16.05.2012.

Fylkesmannen avdekka eit avvik etter tilsynet.

I samråd med Bremanger kommune har vi sett frist for lukking av avvik til 19.10.2012.

Fylkesmannen ber om skriftleg melding innan denne datoen.

Med helsing

Åslaug Krogsæter
utdanningsdirektør

Bodhild Therese Cirotzki
rådgjevar

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

TILSYN med Bremanger kommune – rapport

**Bremanger kommune
Rådhuset
Postboks 104
6721 Svelgen**

Fylkesmannen si tilsynsgruppe:
Bodhild Therese Cirotzki - revisjonsleiar
Anne Marte Sæle - revisor

Kontaktperson i kommunen:
Gunnar Skjølberg

Regelverk:

- Lov om barnehagar
- Rammeplan for barnehagen
- Forvaltningslova

Tilsynet omhandla følgjande emne:

- Kommunen som godkjenningsmyndigheit jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2
- Barnehagelova § 12 a rett til barnehageplass
- Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16
- Kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen, jf. barnehagelova §§ 17 og 18

Fylkesmannen avdekkja eit avvik under tilsynet.

Avvik 1

Bremanger kommune har ikkje godkjent barnehagane i tråd med krav i barnehagelova.

Dato, 28.06. 2012

Bodhild Therese Cirotzki, revisjonsleiar

Anne Marte Sæle, revisor

Innhald:

1. Innleiing
2. Tema for tilsyn
3. Dokumentunderlag
4. Avvik
5. Klagerett
6. Gjennomføring
7. Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Bremanger kommune 16.05. 2012. Tilsynet er ein del av Fylkesmannen sine pålagde tilsyn gjeve i oppdrag frå Utdanningsdirektoratet.

Tilsynet har merksemd på om kommunen oppfyller krav innanfor nemnde emne. Rapporten omtalar avvik som vart avdekka under tilsynet og eventuelle merknader som vart gjevne. **Rapporten gjev såleis ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som barnehagemynde.**

Formålet med tilsynet var å vurdere om Bremanger kommune har tilfredsstillande styring i forhold til regelverket. Tilsynet omfatta m.a. undersøking om:

- aktivitetar vart utførte slik som skildra og uttalt
- kommunen driv verksemda innanfor dei rammer som myndigheitene har sett

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgt opp i praksis.

- AVVIK er mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.

- MERKNAD er eit forhold som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik, men der tilsynet med utgangspunkt i krav frå myndigheitene avdekkjer eit forbetningspotensiale.

2. Tema for tilsynet

- Kommunen som godkjenningsmyndighet jf. barnehagelova §§ 10 og 11 jf. barnehagelova §§ 1 og 2
- Kommunen si handtering av regelverket rett til plass i barnehage jf. barnehagelova § 12a
- Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16
- Kommunen si handtering av pedagognorm og organisering av styrarressursen, jf. barnehagelova §§ 17 og 18

Tilsynet skal kontrollere at kommunen fører tilsyn med alle barnehagane i kommunen og kommunen sin godkjenningspraksis. Tilsynet blir utført som systemrevisjon.

3. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn:

- organisasjonskart for kommunen
- delegasjonsreglement for kommunen
- kommunen si årsmelding eller tilsvarande
- årsrapport for barnehageområdet
- kommunale planar som beskriv barnehageområdet
- verksemdsplan og årsplan for barnehage og oppvekstsenter som er med i tilsynet
- godkjenningsdokument for alle barnehagane og oppvekstsenter i kommunen
- kommunen sin rutine for tildeling av barnehageplass
- oversikt som viser tal søkarar ved siste hovudopptak
- oversikt som viser detaljert venteliste ved siste hovudopptak
- vedtektene for barnehage og oppvekstsenter som er med i tilsynet
- kommunen sin plan for tilsyn
- oversikt over gjennomførte tilsyn og tilsynsrapportar frå 2010 til dd
- dokumentasjon frå barnehage og oppvekstsenter som er med i tilsynet som viser oversikt over styrarressurs, bemanning og barnegrupper slik dei er i dag

4. Avvik

Det vart gitt eit avvik under tilsynet

Avvik 1

Bremanger kommune har ikkje godkjent barnehagane i tråd med krav i barnehagelova.

Barnehagelova § 10 Godkjenning.

"Kommunen avgjør søknad om godkjenning etter en vurdering av barnehagens egnethet i forhold til formål og innhold, jf. §§ 1, 1a og 2. Kommunen kan ved godkjenningen sette vilkår for driften med hensyn til antall barn, barnas alder og oppholdstid. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen."

Lovkommentar

Kommunen godkjenner barnehagedrift ut frå søknad, og etter vurdering av korleis barnehagen er eigna i høve formål og innhald jf. §§ 1, 1a og 2.

Kommunen skal gjere ei konkret vurdering av dei fysiske rammene, dvs. om lokala og uteområda er eigna for drift av barnehage. Kommunen skal fastsetje leike- og opphaldsareala inne. Kommunen skal vurdere om bemanninga er forsvarleg og om krav til pedagognorm er halden. Kommunen skal kontrollere vedtektene.

Ved godkjenning vert det i tillegg stilt krav om godkjenning etter anna regelverk som:

- Plan og bygningslova 14.juni 1985 nr. 77
- Byggforskrifta vedteken 22. januar 1997
- Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular vedteken 1. desember 1995
- Arbeidsmiljølova 17. juni 2005 nr. 62
- Brann – og eksplosjonsvernlova 14. juni 2002 nr. 20
- Forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn vedteken 26. juni 2002
- Forskrift om sikkerheit ved leikeplassutstyr vedteken ved kgl.res. 19. juni 1996 med heimel i lov 11. juni 1976 nr. 79 om kontroll med produkt og forbrukarteneste

For å godkjenne barnehagen etter barnehagelova § 10 må godkjenning i anna regelverk ligge ved. Godkjenninga av barnehagar er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 b. Vedtaket skal vere skriftleg og grunngjeve.

5. Klagerett

Pålegg om endring er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b, og kan klagast til Utdanningsdirektoratet. Ei eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå det tidspunktet melding om vedtaket er kome fram til kommunen, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Om utforming av klage sjå forvaltningslova § 32.

6. Gjennomføring

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

Varsel om tilsyn vart utsend 20.02 2012.

Kommunen sin frist for innsending av dokumentasjon var sett til 23.04. 2012.

Opningsmøte vart gjennomført 16.05. 2012

Det vart utført intervju med seks personar 16.05.12 2012.

Sluttmøte vart gjennomført 20.06.2012.

7. Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

Tabellen under viser ei oversikt over deltakarane frå kommunen.

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Opp- summering	Sluttmøte
Karl Vidar Førde	Ordførar	X			
Gunnar Skjølberg	Etatssjef oppvekst	X	X	X	X
Isak Berle	Driftssjef Kalvåg barnehage	X	X	X	
Helge Bakke	Driftssjef Davik barnehage	X	X	X	
Henny Frøystad Almenning	Fagleiar Davik barnehage	X	X	X	
Carina Solvåg	Driftssjef Svelgen oppvekst	X	X	X	
Kari Rita Frøyen	Fagleiar Svelgen oppvekst	X	X	X	X

Frå Fylkesmannen deltok Bodhild Therese Cirotzki og Anne Marte Sæle

Øvrebø Vidar

Fra: Gunnar Skjølberg <Gunnar.Skjolberg@bremanger.kommune.no>
Sendt: 26. mars 2013 11:36
Til: Øvrebø Vidar
Kopi: Tom Joensen
Emne: VS: Tilsynsrapportar Fylkemannen

Viser til telefonsamtale nett no om tilsyn og godkjenning av barnehagar. Bremanger kommune er ikkje ferdig med godkjenninga for alle 7 barnehagane våre. 4 er til no godkjende (og stadfesta av Fylkesmannen). Årsaka til at godkjenningsprosessen har vorte langdryg, er at vi har leigd inn ekstern hjelp når det gjeld den biten som går på miljøretta helsevern. Vedkommande som har oppdraget har pr dato ikkje komme lenger enn til dei fire barnehagane som kommunen har følgd opp med godkjenning. Brannvern, internkontroll, leikeplassar etc. har vi på plass rutineane for, men manglar altså godkjenning etter miljøretta helsevern som er eit naudsynt grunnlag for totalgodkjenninga av barnehagane – og det gjeld dei tre siste. Kan ikkje oppgje ein fast dato for når desse er godkjende.

Med helsing
Gunnar Skjølberg
- kommunalsjef oppvekst –
tlf. 95988710

012/13 OPPFØLGINGSLISTE 2-2013 OG MERKNADER - BREMANGER

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 08.04.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	15.04.2013	012/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 2-2013 Bremanger.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingslista 2-2013 Bremanger vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 2-2013 BREMANGER - MERKNADER

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø
Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 21.03 2013

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1-2013 - Bremanger.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Bremanger kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
05/09 Kontrollutvals-arbeid tiltak	18.03.09		18.03.09 Vedtak KU – tiltak gjennomførast. 18.03.09: Brev til adm om tiltak ku-arbeid. -Orientering frå adm -Tertialrapportar -Tilsynsrapportar
25/11 Forvaltningsrevisjonsrapport Sjølvkostberekningar VAR-sektoren.	14.11.11	Oppfølging av kommunestyret sine merknader til rapporten.	14.11.11: Tilråding til kst. 14.11.11 s/kst. 19.01.12 Vedtak kst sak 010/12
002/12 Skriv og meldingar.	27.02.12		27.02.12 Vedtak KU – - Vedrørande SM 03-12: Kontrollutvalet ber om å få tilsvaret frå kommunen. Kontrollutvalet vil oppmode om at ein set i verk tiltak snarast uavhengig av frist frå Fylkesmannen. 05.03.12 Brev til Bremanger kommune. 29.05.12 Svar vedlagt KU sak 012/12 SM 11-12. 29.05.12 Lat sak om SM 03-12 stå.
003/12 Innkjøpsrutinar – orientering v rådmannen	27.02.12		27.02.12: Vedtak KU: 1. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt dei system og rutinar som vert sett i verk av Bremanger kommune vedrørande innkjøpsordningar. 2. Elles blir orienteringa frå rådmannen teken til vitande. 05.03.12 Brev til Bremanger kommune.
026/12 Skriv og meldingar	28.11.12		28.11.12: Vedtak KU - Vedrørande SM 46-12: Det vert purra på tilsvar frå Bremanger kommune til Fylkesmannen på rapport etter tilsyn med Bremanger kommune etter bl.a. barnehagelova, datert 28.06.2012. 29.11.12 Brev til Bremanger kommune. ???.??? Svar motteke SM 05-13. Skriv og meldingar vert elles tekne til vitande.
027/12 Vurdering av kontrakt og habilitet i samb med kommunikasjon mellom KRYSS revisjon og FHU i Bremanger.	28.11.12		28.11.12: Vedtak KU: - - Kontrollutvalet tek saka til vitande.
028/12 Overordna analyse.	28.11.12		28.11.12: Vedtak KU.
029/12 Plan for selskapskontroll	28.11.12		28.11.12 Tilråding til kst. 28.11.12 s. kst. 13.12.12 Vedtak kst sak 109/12.
030/12 Oppfølgingsliste 4-2012 – merknader - Bremanger	28.11.12		28.11.12 Vedtak KU: - Neste møte vert sett til måndag i veke 9. Oppfølgingslista 4-2012 Bremanger vert teken til vitande.
001/13 Godkjenning innkalling og sakliste	25.02.13		25.02.13: Vedtak KU: Det var ikkje merknadar til innkalling og sakliste -

002/13 Skriv og medlingar	25.02.13		25.02.13: Vedtak KU: Ad SM 05-13: Kontrollutvalet ber om tilsvaret som Bremanger kommune gav Fylkesmannen etter rapport om Tilsyn etter barnehagelova. Ad SM 06-13: Kontrollutvalet ber om å få rapport etter selskapskontroll utført av kontrollutvalet i Fylkeskommunen framlagt som sak i neste møte i kontrollutvalet. Resterande skriv og meldingar vert tekne til vitande. 18.03.13 E-post Purring om tilsyn etter barnehagelova.
003/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 - 2016	25.02.13		25.02.13: Vedtak KU: Tilråding av plan til kommunestyret. 28.02.13 Plan sendt til Kst.
004/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet	25.02.13		25.02.13: Vedtak KU: 28.02.13 Årsmelding sendt til Kst.
005/13 Møteplan 2013	25.02.13		25.02.13: Vedtak KU: Møteplan for kontrollutvalet i Bremanger vert godkjent.
006/13 Oppfølgingsliste 1-2013 – merknadar - Bremanger	25.02.13		25.02.13: Vedtak KU: - Kontrollutvalet vil til neste møte ha følgjande sak på saklista: - Oppfølging av kommunestyret sine merknader til rapporten om Sjølvkostberekningar VAR-sektoren. - Orientering om tiltak i høve til avvik i barnevernet.

Oppdatert 21.03.13.